NOTAT 2009–14

Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Hordaland og Sogn og Fjordane

Heidi Knutsen

Torbjørn Haukås

Lars Ragnar Solberg

Anastasia Olsen

NILF
Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

Serie	Notat
Redaktør	Agnar Hegrenes
Tittel	Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Hordaland og Sogn og Fjordane
Forfattarar	Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, Lars Ragnar Solberg, Anastasia Olsen
Prosjekt	Verdiskaping i landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane (A906)
Utgjevar	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgjevarstad	Oslo
Utgjevingsår	2009
Sidetal	160
ISBN	978-82-7077-754-9
ISSN	0805-9691
Emneord	verdiskaping, nettoprodukt, jordbruk, skogbruk, tilleggs-næringar, sysselsetting, Hordaland, Sogn og Fjordane

Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.

- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.

- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.

- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.

- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

I dette notatet vert resultat frå verdiskapingsberekningar for jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar for dei to vestlandsfylka Hordaland og Sogn og Fjordane presenterte. For tradisjonelle jordbruksproduksjonar og for skogbruk er resultata presenterte på kommunenivå, medan ein for tilleggsnæring presenterer data på fylkesnivå. Det vil alltid knytte seg ein del uvisse til datagrunnlaget på kommunenivå. Vidare medfører sjølve omrekninga av resultat for driftseiningar til verdiar for heile fylket, risiko for fell. Dette må ein ta omsyn til ved tolking og bruk av resultata.

Prosjektet er gjennomført på oppdrag frå Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane. NILF har hatt ansvaret for alle berekningar og gjennomføring av prosjektet. Alle feil eller manglar kviler hos forfattarane.

Det er mange som har bidrege i arbeidet med prosjektet. Modellen som er nytta ved berekningane er utvikla over tid, Erland Kjesbu har vore viktig i det arbeidet. Knut Skarsem og Kjell Staven har gjort berekningar på grunnlag av produksjonstilskots-registeret, Narve Brattenborg har tilpassa data frå driftsgranskingane, Lars Ragnar Solberg, Anastasia Olsen og Torbjørn Haukås har deltatt med berekningar og har vore med på å skrive notatet saman med Heidi Knutsen som også har vore prosjektleiar. Agnar Hegrenes har vore ein viktig støttespelar under arbeidet. Irene Grønningsæter har bidrege med ferdigstilling av figurane i notatet, og Anne Bente Ellevold har klargjort notatet for trykking.

Vi vil takke alle informantar som har gjeve oss gode opplysningar om produksjonar og omfang. Vi takkar også oppdragsgjevar for eit interessant prosjekt, og håper at resultata kan vere til nytte ved arbeidet med utvikling av landbruket på Vestlandet.

Oslo, oktober 2009
Ivar Pettersen

Innhald

Side

SAMANDRAG 1

1 INNLEIING 3
1.1 Bakgrunn for prosjektet 3
1.2 Formål med prosjektet 4
1.3 Vidare bruk av modellen 4
1.4 Oppbygging av notatet 4

2 UTVIKLING I JORDBRUKET PÅ VESTLANDET 1998–2008 5
2.1 Utvikling i tal bruk og jordbruksareal 5
2.2 Utvikling på husdyrbruk 9
2.3 Produksjonsomfang 11
2.4 Økonomi 13
2.4.1 Investeringar 13
2.4.2 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk 15
2.4.3 Nettoinntekt 18
2.5 Rammevilkår 20

3 VERDISKAPING – TERMINOLOGI OG METODE 21
3.1 Verdiskaping 21
3.2 Produksjonar som inngår i berekningane 22
3.3 Datagrunnlag 22
3.3.1 Metode for å berekne verdiskaping for ulike driftsformer 26

4 VERDISKAPING FRÅ JORD- OG SKOGBRUK, RESULTAT FRÅ BEREKNINGANE 29
4.1 Jordbruk 29
4.2 Produksjonsinntekter 32
4.3 Kostnader 35
4.4 Verdiskaping for dei ulike produksjonane i jordbruket 37
4.4.1 Mjølkeproduksjon 39
4.4.2 Mjølkeproduksjon og svinehald 42
4.4.3 Produksjon av geitemjølk 45
4.4.4 Sauehald 46
4.4.5 Storfeslakt på ammekyr 49
4.4.6 Egg og fjørfeslakt 51
4.4.7 Grønsaker, poteter og korn 53
4.4.8 Frukt og bær 53
4.4.9 Veksthus 55
4.4.10 Pelsdyr 56
4.4.11 Birøkt 56
4.5 Verdiskaping i jordbruket i forhold til tal innbyggjarar 57
4.6 Sysselsetting i jordbruket 59
4.7 Skogbruk 62
4.7.1 Verdiskaping 62
4.7.2 Sysselsetting i skogbruket 63

Side

4.8 Samanlikning med andre undersøkingar 65

5 TILLEGGSNÆRING 67
5.1 Metode 67
5.2 Tal jordbruksbedrifter med tilleggsnæring 68
5.3 Verdiskaping i tilleggsnæring på Vestlandet 68
5.4 Sysselsetting i tilleggsnæring 69
5.5 Utvikling av tilleggsnæring på Vestlandet 70

6 SKATT OG PRIVAT KONSUM 73
6.1 Privatforbruk 73
6.2 Skatteinngang til kommunane 77

7 RINGVERKNADER OG FELLESGODE 81
7.1 Ringverknader 81
7.2 Fellesgode 82

8 KONKLUSJON OG OPPSUMMERING 83

9 KOMMUNESIDER – HORDALAND 87

10 KOMMUNESIDER – SOGN OG FJORDANE 121

KJELDER 149

VEDLEGG 1 TABELLAR 151

VEDLEGG 2 TAL FOR INNTEKTER OG VERDISKAPING FOR ALLE PRODUKSJONAR HORDALAND 159

VEDLEGG 3 TAL FOR INNTEKTER OG VERDISKAPING FOR ALLE PRODUKSJONAR SOGN OG FJORDANE 160

Samandrag

Formålet med analysen har vore å vise utviklingstrekk for jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane og å kartlegge verdiskaping, omsetning og sysselsetting innan hovudproduksjonane i jordbruket på fylkes- og kommunebasis. Også for skogbruk er verdiskaping kartlagt på kommunebasis, medan ein for tilleggsnæring har kartlagt verdiskaping på fylkesnivå.

Vestlandsjordbruket er prega av mange små driftseiningar, med grovfôrbasert husdyrhald som bærande produksjonar. Det siste tiåret er talet jordbruksbedrifter i Hordaland og Sogn og Fjordane redusert med høvesvis 39 prosent og 35 prosent. Dette er noko meir enn reduksjonen på landsbasis som var på 31 prosent i same perioden. Dei to fylka har også hatt større prosentvis nedgang i dyretal både for mjølkekyr og sau enn landsgjennomsnittet.

Jordbruket i dei to fylka har heller ikkje hatt like rask strukturendring som andre delar av landet. I Hordaland er gjennomsnittleg storleik på bruk med mjølkekyr auka med 41 prosent i perioden, til 15,1 kyr per bruk. I Sogn og Fjordane auka kutalet med 43 prosent i perioden, til 14 kyr i gjennomsnitt, medan landsgjennomsnittet auka med 50 prosent til 19,8 kyr per bruk. For sauehaldet auka dyretal per bruk med 32 prosent i Hordaland og 31 prosent i Sogn og Fjordane. Samstundes auka dyretal per bruk med 43 prosent i gjennomsnitt for landet. I 2008 var gjennomsnittsbuskapen av sau høvesvis 49,8 vinterfôra sauer i Hordaland, 55,2 i Sogn og Fjordane og 69,9 i gjennomsnitt for landet.

Frukt- og bærproduksjon er svært viktig i nokre av vestlandskommunane. I 2008 var 35 prosent av eplearealet i landet, 49 prosent av pærearealet, 49 prosent av plommearealet og 43 prosent av arealet med søt- og surkirsebær lokalisert i Hordaland, det meste i Ullensvang kommune. Sogn og Fjordane har ein omfattande bringebærproduksjon. Dei siste 10 åra er arealet auka med 34 prosent.

Også produksjonsomfanget er redusert for viktige produkt, men ikkje i same grad som nedgangen i brukseiningar og dyretal.

Vestlandsbonden har hatt om lag same trenden i økonomisk utvikling som resten av landet i perioden 1998–2007, men nivået har lege kr 20 000–25 000 under landsgjennomsnittet.

Verdiskaping frå jordbruket, rekna som nettoprodukt inkl. tilskot, er berekna til 562,5 mill. kr for Hordaland og 606 mill. kr for Sogn og Fjordane. I Hordaland er det Voss som har høgast verdiskaping med 78,5 mill. kr. Deretter følgjer Ullensvang (64,4 mill. kr), Kvinnherad (56,1 mill. kr), (Kvam 51,6 mill. kr) og Etne (46,2 mill. kr). Gloppen er kommunen med høgaste verdiskapinga i Sogn og Fjordane med 73 mill. kr, følgt av Stryn (59,2 mill. kr), Luster (47,3 mill. kr), Jølster 41,4 mill. kr) og Sogndal (37,8 mill. kr).

Produksjonsinntekter inngår som ein viktig del av omgrepet verdiskaping. Produksjonsinntekter er verdien av varer og tenester som er produserte i løpet av året, inkl. offentlege tilskot. Produksjonsinntektene for jordbruket utanom veksthusproduksjon, pelsdyr og birøkt utgjer 1,32 mrd. kr i for jordbruket i Hordaland og 1,52 mrd. kr i Sogn og Fjordane. Av dette utgjer marknadsinntektene høvesvis 806,8 mill. kr for Hordaland og 917,9 mill. kr for Sogn og Fjordane. Veksthus, birøkt og pelsdyr er ikkje med i desse tala.

Kostnader til varer og tenester for jordbruket utanom veksthus, pelsdyr og birøkt, utgjer 692,8 mill. kr i Hordaland og 785,9 mill. kr i Sogn og Fjordane. Avskrivingar utgjer høvesvis 128,8 mill. kr og 147,5 mill. kroner.

Samla sysselsetting i jordbruket er berekna til 3 211 årsverk i Hordaland og 3 569 årsverk i Sogn og Fjordane. I Hordaland er det Voss som har flest årsverk med 453, følgt av Ullensvang og Kvinnherad med høvesvis 318 og 315 årsverk. Gloppen, Stryn og Luster er kommunane med flest årsverk i jordbruket i Sogn og Fjordane, med høvesvis 392, 337 og 280 årsverk.

Mjølkeprodusentane står for den største verdiskapinga i begge fylka. I Hordaland utgjer verdiskaping frå mjølkeproduksjon 225,8 mill. kr, eller 41 prosent av den totale verdiskapinga. I tillegg kjem verdiskaping frå bruk med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald med 49,5 mill. kr. Verdiskaping frå sauehald utgjer 120,8 mill. kr og frukt- og bærproduksjon 69,7 mill. kr (12 %). Hordaland har også relativt stor veksthusproduksjon. Totalt er verdiskapinga frå veksthus berekna til 44,6 mill. kr.

I Sogn og Fjordane utgjer total verdiskaping frå mjølkeproduksjon 331,3 mill. kr, eller 54 prosent av samla verdiskaping frå jordbruket. Mjølk og svin er i tillegg berekna til 44,7 mill. kr. Sauehald bidreg med 118,8 mill. kr og frukt- og bærproduksjon med 46,4 mill. kr.

Skogbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane er prega av gardsskogbruk der dei fleste gardsbruk har ein eller fleire tilhøyrande skogteigar. I 2007 vart det avvirka 77 299 m^3 i Hordland og 48 252 m^3 i Sogn og Fjordane. Verdiskaping frå primærskogbruket er berekna til 20,5 mill. kr i Hordaland og 11,9 mill. kr i Sogn og Fjordane. Sysselsetting i primærskogbruket er berekna til 35,4 årsverk i Hordaland og 20,6 årsverk i Sogn og Fjordane.

Verdiskaping frå tilleggsnæring er berekna til 87,8 mill. kr i Hordaland og 90,4 mill. kr i Sogn og Fjordane. Sysselsetting i tilleggsnæringar er berekna til 269 årsverk i Hordaland og 294 årsverk i Sogn og Fjordane. I begge fylka er leigekøyring mest utbreidde driftsgrein.

Tal frå driftsgranskingane viser at tilleggsnæring har auka i omfang dei siste åra. I 2000 hadde om lag 33 prosent av driftsgranskingsbruka tilleggsnæring. I 2007 var det 51 prosent av bruka som hadde tilleggsnæring.

Privatforbruk frå jordbruksfamiliane er berekna til 1,24 mrd. kr for Hordaland og 1,27 mrd. kr for Sogn og Fjordane. Dette utgjer høvesvis 2 prosent og 7 prosent av hushaldskonsumet i dei to fylka.

Inntekts- og formueskatt frå eigar av landbruksføretak med personleg eigar, og ektefelle/sambuar utgjer om lag 1,7 prosent av totalt innbetalt skatt til kommunane i Hordaland (3,7 % for Hordaland utanom Bergen) og 7,3 prosent i Sogn og Fjordane.

Enkle berekningar av ringverknader viser at ringverknadene for sysselsetting utgjer 2 109 årsverk for Hordaland og 2 331 årsverk for Sogn og Fjordane. Ved å nytte ein inntektsmultiplikator på 1,8 er ringverknaden av jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring berekna til 582 mill. kr for Hordaland og 554 mill. kr for Sogn og Fjordane.

1 Innleiing

Jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane har på line med resten av landet, hatt ei utvikling mot færre og større einingar, sjølv om utviklinga i strukturrasjonaliseringa ikkje har vore like stor som i resten av landet.

I 2008 var det om lag 13 600 landbrukseigedomar i Hordaland og 10 600 i Sogn og Fjordane. Av desse var det busetting på høvesvis 9 250 og 7 550 eigedomar. I alt hadde 31 600 personar bustad på ein landbrukseigedom i Hordaland og 27 100 i Sogn og Fjordane (SSB 2009c).

Det er langt færre jordbruksbedrifter enn det er landbrukseigedomar. I 2007 var det om lag 3 500 jordbruksbedrifter i Hordaland, av desse søkte om lag 3 300 om produksjonstilskot. I Sogn og Fjordane var det om lag 3 600 jordbruksbedrifter og 3 450 som søkte om tilskot. Det er altså nokre bruk som ikkje mottek produksjonstilskot. Jordbruksbedriftene som ikkje søker om tilskot kan vere svært små i økonomisk omfang, eller dei driv ein produksjon som ikkje har krav på tilskot.

Jordbruket på Vestlandet er prega av små einingar, og topografi og arrondering gjer det vanskeleg å få store, rasjonelle einingar. Landbruket har fleire viktige funksjonar utover produksjon av trygg mat og trevirke. I mange vestlandskommunar spelar landbruket ei viktig rolle for busetnad og sysselsetting. Det landbruksbaserte kulturlandskapet er viktig både for enkeltindivid som kjelde for rekreasjon og friluftsliv, og som ramme for satsing på kultur, lokal mat og turisme.

1.1 Bakgrunn for prosjektet

Landbruk er ei av svært få næringar som har utøvarar i alle kommunane i dei to vestlandsfylka Hordaland og Sogn og Fjordane. Talet på aktive utøvarar går ned, og i mange kommunar vert jordbruksareal omdisponert til anna bruk. For Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane er det viktig å kunne vise kva for verdiar som vert skapte med basis i landbruksressursar. Med bakgrunn i dette tok Samarbeidsrådet initiativet til å få gjennomført verdiskapingsberekningar for jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar for dei to fylka. Intensjonen er at resultata frå prosjektet skal vere eit hjelpemiddel for politikarar, byråkratar, rådgjevarar og næringsutøvarar, og til opplysning og informasjon for andre interesserte.

NILF har dei siste åra gjennomført berekningar av verdiskaping og sysselsetting på kommunenivå for fleire fylke, Hedmark (2004), Sør-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark (2005), Nord-Trøndelag (2006), Møre og Romsdal (2007) og sist for Aust- og Vest-Agder (2008). Gjennom desse prosjekta er det utvikla ein modell for berekning av verdiskaping som også kan tilpassast andre fylke. Dei berekningane som vert presenterte i dette notatet, byggjer på same metodikk som berekningane som er gjennomførte for dei andre fylka.

1.2 Formål med prosjektet

Hovudformålet med prosjektet har vore:

- å vise utviklingstrekk for jordbruket i dei to fylka Hordaland og Sogn og Fjordane for tiårsperioden 1999–2008
- å kartlegge verdiskaping, omsetning og sysselsetting innan jordbrukets hovudproduksjonar på fylkes- og kommunenivå
- å kartlegge verdiskaping og sysselsetting frå skogbruk og tilleggsnæringar på fylkesnivå.

I tillegg er verdiskapinga frå skogbruk vist på kommunenivå og ein har vurdert utviklinga av tilleggsnæringar dei siste åra. Det er henta inn opplysningar om skatteinngang frå bønder på kommunenivå og det er gjennomført enkle berekningar av ringverknader. I tillegg er dei viktigaste resultata presentert i faktaark for kvar kommune. Gjennom arbeidet er modellen for berekningane tilpassa til fylket slik at arbeidet med berekningar kan gjerast enklare og for å gjere det mogleg å utføre konsekvensutgreiingar i framtida.

1.3 Vidare bruk av modellen

Kostnadsnivået i Noreg er høgt, og lønsemda i landbruket er låg for dei fleste produksjonar og regionar. Oppfatninga har difor vore at det er naudsynt med eit relativt høgt nivå på offentlege overføringar til næringa. Det gjer at næringa er sårbar for endringar i rammevilkår, slik som prisfall eller reduserte tilskot. Metoden som er nytta i berekningane av verdiskaping og sysselsetting i dette prosjektet, kan også nyttast til å berekne konsekvensar for verdiskaping og sysselsetting ved endringar i både politiske og marknadsbestemte rammevilkår. NILF er ikkje kjend med anna metodikk som kan nyttast til liknande konsekvensutgreiingar på kommunenivå. Slike konsekvensutgreiingar inngår ikkje som ein del av dette prosjektet, men kan gjerast i etterkant. Scenario for utvikling av internasjonale, nasjonale og/eller regionale rammevilkår kan inngå som input i berekningsmodellen for å tilfredsstille spesielle behov for berekningar, både på bruks-, kommune- og fylkesnivå. Modellen gjer det også mogleg å gjere konsekvensutgreiing ved endring i prisar og tilskot. Det vil også vere mogleg å simulere kva ei eventuell endring av produksjonsvolumet mellom kommunar, fylke eller innan ulike driftsformer vil ha å seie for verdiskaping og sysselsetting i dei einskilde kommunane og fylka.

1.4 Oppbygging av notatet

Kapittel 2 viser utviklinga i jordbruket på Vestlandet i perioden 1998–2008. I kapittel 3 er ulike omgrep definerte og metoden for berekning av verdiskaping beskriven. Kapittel 4 viser resultat frå berekningane for jordbruk og skogbruk i Hordaland og Sogn og Fjordane. Resultata for tilleggsnæring er omtala i kapittel 5. I kapittel 6 er det vist berekningar av privat forbruk frå jordbrukshushald og vist skatteinngang frå landbruket til kommunane i dei to fylka. Kapittel 7 omtalar ringverknader av landbruket, og i kapittel 8 er resultat frå verdiskapingsberekningane oppsummerte. I kapittel 9 og 10 er faktaark frå alle kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane samla. Heilt sist i notatet er det samla ein del tabellar med statistikk for utvikling i areal og dyretal for perioden 1998–2008 og ei utskrift av resultata frå verdiskapingsmodellen for dei to fylka.

2 Utvikling i jordbruket på Vestlandet 1998–2008

Vestlandsjordbruket er prega av mange små driftseiningar. Auka krav til produksjonsomfang og effektivitet for å opprethalde lønsemda i jordbruket har slege hardare ut på Vestlandet enn mange andre stader i landet. I dette kapittelet vil vi vise utviklingstrekk for jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane samanlikna med landet for perioden 1998–2008.

2.1 Utvikling i tal bruk og jordbruksareal

I 2008 var det 3 283 som søkte om produksjonstilskot i Hordaland og 3 389 i Sogn og Fjordane. Det er ein nedgang i tal søkjarar på høvesvis 39 prosent og 35 prosent frå 1998. I same tidsperioden er tal søkjarar for landet redusert med 31 prosent.

Frå 1998 til 2008 er jordbruksareal i alt om lag uendra på landsbasis. For Hordaland og Sogn og Fjordane er det nedgang på høvesvis 10 prosent og 3 prosent. Går vi inn og ser på fulldyrka areal, har det vore nedgang også for landet på 4 prosent. For Hordaland er det ein nedgang i fulldyrka areal på heile 21 prosent, medan nedgangen i Sogn og Fjordane har vore på 7 prosent . Stor auke i innmarksbeite gjer at jordbruksareal i alt viser mindre nedgang enn fulldyrka areal.

Arealdata baserer seg på areal det er søkt tilskot for, så noko av arealet som har forsvunne frå tilskotsregisteret kan framleis vere i drift. Tabell 2.1 viser utvikling i tal bruk og jordbruksareal i alt for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet frå 1998 til 2008. For meir detaljerte oversikter over arealutvikling i dei to fylka og landet, sjå vedleggstabell 1 og 2. Figur 2.1 og 2.2 viser jordbruksarealet i kvar kommune.

Tabell 2.1 Tal bruk som søkjer produksjonstilskot og jordbruksareal i alt

		Jordbruksareal i alt		
	År	Tal bruk	Tal dekar	Gj.snitt per bruk
Hordaland	1998	5 361	461 531	86
	2003	3 891	425 027	109
	2005	3 517	422 824	120
	2008	3 283	414 636	126
Sogn og Fjordane	1998	5 240	470 499	90
	2003	4 103	468 167	114
	2005	3 735	462 442	124
	2008	3 389	457 679	135
Landet	1998	68 230	10 180 466	149
	2003	55 027	10 249 144	186
	2005	50 932	10 254 575	201
	2008	47 289	10 170 635	215



Figur 2.1 Jordbruksareal i drift, kommunar i Hordaland, dekar, 2008



Figur 2.2 Jordbruksareal i drift, kommunar i Sogn og Fjordane, 2008[1]

[1] I fylkeskarta er kommunegrensene for Balestrand og Sogndal ikkje endra etter endring av kommunegrensene i 2000.

Figur 2.3 viser prosentvis fordeling av jordbruksarealet på ulike arealkategoriar for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet i 1998 og 2008. I vestlandsfylka er ein mindre del av arealet fulldyrka arealet enn for landet.



Figur 2.3 Prosentvis fordeling av areal, 1998 og 2008

Kjelde: SLF Søknad om produksjonstilskot per 31.07

For frukt er arealutviklinga nyansert. Plommer viser ein auke for alle dei utplukka områda. Auken på landsbasis er på 18 prosent medan auken i Hordaland er på 24 prosent og i Sogn og Fjordane 6 prosent .

Etter ei stor satsing på starten av nittitalet har arealet av søtkirsebær gått ned siste tiåret både i Hordaland og på landsbasis. Unnataket er Sogn og Fjordane som har hatt ei vellukka satsing i Lærdal.

For kjernefrukt har utviklinga vore negativ, særleg gjeld dette pærer. Nedgangen i pæreareal har vore 40 prosent for Hordaland, 70 prosent for Sogn og Fjordane og 60 prosent for landet. For epleareal har nedgangen vore noko mindre, høvesvis 22 prosent i Hordaland, 40 prosent i Sogn og Fjordane og 25 prosent for landet. Figur 2.4 viser arealutvikling for dei ulike fruktslaga.

Bærproduksjonen i Hordaland er lite omfattande. Jordbærarealet i 2008 er berre ein fjerdedel av arealet i 1998. Arealet av andre bær (mest bringebær) er halvert i perioden. Sogn og Fjordane har ein omfattande bringebærproduksjon. Arealet er auka med 34 prosent på 10 år. Jordbærarealet er om lag uendra i Sogn og Fjordane.

For fullstendig talgrunnlag for arealutviklinga for frukt og bær, sjå vedleggstabell 3.



Figur 2.4 Utvikling i areal for dei ulike fruktslaga, Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, dekar, 1998–2008



Figur 2.5 Utvikling i bærareal, Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, dekar, 1998–2008

2.2 Utvikling på husdyrbruk

Tal driftseiningar med mjølkeproduksjon i Hordaland er meir enn halvert frå 1998 til 2008, medan tal mjølkekyr er gått ned med 32 prosent . For Sogn og Fjordane er nedgangen i tal mjølkeprodusentar noko mindre (46 %), medan tal mjølkekyr er redusert med 23 prosent. I 2008 var det att 797 bruk med mjølkekyr, 12 038 kyr og gjennomsnittleg buskap var på 15,1 kyr i Hordaland. I Sogn og Fjordane var det 1 205 bruk, 16 946 kyr og 14 kyr i gjennomsnitt.

For begge fylka er reduksjonen i tal mjølkekyr større enn landsgjennomsnittet. Figur 2.6 viser prosentvis reduksjon i tal mjølkebønder og tal kyr og prosentvis auke i tal kyr i gjennomsnitt per bruk for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet frå 1998–2008.

Talet på ammekyr i Noreg er dobla i løpet av perioden, også vestlandsfylka har auka omfanget av ammekyr, likevel er buskapane berre om lag halvparten av landsgjennomsnittet per driftseining. Sjå vedleggstabell 4 for fleire tal om utvikling i tal kyr og ammekyr i perioden 1998–2008.



Figur 2.6 Prosentvis reduksjon i tal mjølkebønder, tal kyr og tal kyr i gjennomsnitt per bruk, 1998–2008

Årsaka til at strukturendringane i jordbruket går seinare på Vestlandet, er mellom anna at bruka var små utgangspunktet, og at topografi og arrondering gjer det vanskeleg å få store rasjonelle driftseiningar på Vestlandet. Vestlandsbonden har også tradisjonelt hatt fleire bein å stå på enn jordbruket. Handverk, andre næringar og løna arbeid har vore viktige inntektskjelder for bondefamilien i tillegg til jordbruket.

Figur 2.7 viser at prosentvis reduksjon i tal bruk med sau har vore størst i Sogn og Fjordane, sauetalet har også gått mest ned i Sogn og Fjordane. Samanlikna med landet er saueflokkane vesentleg mindre i dei to vestlandsfylka, og skilnaden er ytterlegare auka i perioden. Sauetalet er gått ned med 5 prosent på landsbasis, medan tilsvarande nedgang er 8 prosent i Hordaland og 25 prosent i Sogn og Fjordane når ein ser talet på sau og villsau samla. Det var 1 890 som søkte om produksjonstilskot for sau i Hordaland i 2008. Dei hadde 94 046 sauer, og gjennomsnittbuskapen var på 49,8 vinterfôra sau (vfs). 261 søkte om tilskot til utegangarsau, 10 571 dyr i alt. I Sogn og Fjordane var det 1 646 søkjarar og 90 881 vfs. Gjennomsnittsbuskapen var 55,2 vfs. Berre 36 søkte om tilskot til utegangarsau i Sogn og Fjordane, 1 734 dyr i alt.



Figur 2.7 Endring i tal bruk med sau, tal sau og tal dyr per bruk 1998–2008

Endra rammevilkår i svinehaldet, som auke i konsesjonsgrenser, har medført ei større strukturendring i svinehaldet enn i mjølkeproduksjonen. Tal svineprodusentar er redusert med 58 prosent på landsbasis mellom 1998 og 2008 (Figur 2.8). Om lag same prosentvis nedgang finn vi i Sogn og Fjordane, medan nedgangen i Hordaland har vore på 68 prosent. Talet på avlsgris per bruk er om lag det halve av landsgjennomsnittet i vestlandsfylka. Svinehaldet på Vestlandet har tradisjonelt vore ein kombinasjon med andre produksjonar som til dømes mjølkeproduksjon. Etter kvart som det har blitt trong for å fornye driftsapparatet, har mange svineprodusentar på Vestlandet falle frå då det ikkje har vore rekningsvarande å investere i mindre målestokk i svinehaldet.

På grunn av stor endring i struktur i svinehaldet og auka produktivitet er produksjonen av svinekjøt auka med 13 prosent frå 1999 til 2008 på landsbasis. Dei to vestlandsfylka har hatt ein auke på 9 prosent, det er nedgang i Hordaland og auke i Sogn og Fjordane i tiårsperioden. Sjå vedleggstabell 6 for fleire tal om svinehaldet.



Figur 2.8 Endring i tal bruk med avlspurker, tal purker og tal dyr per bruk 1998–2008

Tal høner i Sogn og Fjordane auka fram til 2005 for deretter å gå nedover att. I Hordaland var det ein jamn nedgang fram til 2007 og ein liten auke siste året. Tal produsentar er gått kraftig ned i begge fylka. På landsbasis har det vore ein jamn auke i tal høner heile perioden medan tal produsentar er meir enn halvert. Auka konsesjonsgrenser er ei viktig årsak til den store auken i høner per bruk.

2.3 Produksjonsomfang

Tabell 2.2 viser utviklinga i produsert mengde mjølk for perioden 1989–2008. I Hordaland er mjølkemengda redusert frå 105,6 mill. liter i 1989 til 77,3 mill. liter i 2008 (27 %). I Sogn og Fjordane er mjølkemengda redusert frå 119,9 mill. liter til 103,9 mill. liter i same perioden (13 %). Frå 1999 til 2008 var det ein reduksjon i levert mjølkemengde på ca. 15 prosent i både Hordaland og Sogn og Fjordane.[2] Nedgangen i mjølkeproduksjonen på landsbasis var 7 prosent i same perioden.

[2] Budsjettnemnda for jordbruket. Resultatkontrollen 2008. (Hordaland utanom Ølen).

Tabell 2.2 Total mengde kumjølk levert til meieriet, inkl. gardssmør og -ost utrekna som mjølk, mill. liter

	1989	1999	2002	2005	2006	2007	2008
Hordaland	105,6	91,2	84,6	83,1	76,3	78,0	77,3
Sogn og Fjordane	119,9	123,9	106,5	106,4	103,6	107,4	103,9
Landet	1 835,4	1 647,3	1 504,7	1 512,4	1 500,5	1 547,3	1 526,7

Tal for Hordaland 1999 er korrigert for Ølen

Kjelde: BFJ Resultatkontroll for gjennomføring av landbrukspolitikken 2008

Tabell 2.3 Total mjølkekvote i mill. liter, 1999–2008

	1999	2001	2003	2004	2005	2008
Hordaland	97,0	93,1	85,0	85,3	85,0	84,5
Sogn og Fjordane	128,0	116,8	115,4	114,4	113,5	113,7
Landet	1 759,0	1 602,9	1 583,8	1 582,1	1 581,9	1 603,5

Tal for Hordaland 1999 er korrigert for Ølen

Kjelde: SLF

Figur 2.9 viser kor stor del av mjølkekvota som er selt kvart år i perioden 2001–2008 for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet.



Figur 2.9 Prosentvis oppslutning om sal av mjølkekvoter, selt mengde i % av total kvote

Kjelde: SLF

Tabell 2.4 viser kjøtproduksjon av storfe, svin, sau og fjørfe og produsert mengde egg for åra 1999 og 2008. Tala for Hordaland i 1999 er ikkje korrigert for Ølen kommune som gjekk over til Rogaland frå 2002.

Produksjonen av sauekjøt har gått ned med 3 prosent i Hordaland og 11 prosent i Sogn og Fjordane mellom 1999 og 2008. På landsbasis er det ein auke i kjøtproduksjonen på 5 prosent i same perioden.

Eggproduksjonen er auka med 17 prosent på landsbasis siste tiåret, medan produksjonen i dei to vestlandsfylka er redusert med 14 prosent. Produksjonen av fjørfekjøt er meir enn fordobla på landsplan frå 1999 til 2008. Det var ingen auke i Hordaland og Sogn og Fjordane. I 2008 er det ikkje registrert produksjon av fjørfekjøt i Sogn og Fjordane.

Tabell 2.4 Produsert mengde i ulike produksjonar, tonn

	Hordaland		Sogn og Fjordane		Landet	
	1999	2008	1999	2008	1999	2008
Storfekjøt	5 250	3 912	5 854	5 169	95 414	86 097
Svinekjøt	2 467	1 958	1 319	1 869	108 379	122 330
Sauekjøt	2 307	2 144	2 370	2 115	22 585	23 638
Egg	2 571	1 641	1 120	1 490	47 705	55 777
Fjørfekjøt	881	995	114	-	36 504	83 983

Tal for Hordaland 1999 er ikkje korrigert for Ølen

Kjelde: BFJ Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken 2008

2.4 Økonomi

2.4.1 Investeringar

Det har vore positiv nettoinvestering på driftsgranskingsbruka i Hordaland og Sogn og Fjordane kvart år frå 1998 til 2007. Det vil seie at det har vore investert meir enn kapitalslit og fråsal av driftsmidlar. Akkumulert nettoinvestering i perioden viser likevel at det har vore investert 35 prosent mindre i vestlandsfylka enn landsgjennomsnittet. Dette vil verke negativt for produksjonsevne i tida framover samanlikna med resten av landet. I den første perioden vart det investert mykje i bygningar spesielt til gris i samband med endring i regelverk og auka konsesjonsgrenser. I den siste perioden er det investert mest på mjølkeproduksjonsbruka i form av bygningar og kvote. Det har vore små investeringar i sauenæringa i perioden.



Figur 2.10 Nettoinvesteringar per bruk i gjennomsnitt for Hordaland og Sogn og Fjordane og for landet totalt.

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane



Figur 2.11 Akkumulert nettoinvestering 1998–2007, gjennomsnitt for Hordaland og Sogn og Fjordane og for landet

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane

2.4.2 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk

Vestlandsbonden har hatt om lag same utviklinga i vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk som bøndene i resten av landet, men nivået har lege kr 20 000–kr 25 000 under landsgjennomsnittet heile tida (figur 2.12). Hovudårsaka til dette er mindre driftseiningar og vanskelegare driftsforhold. Sjølv om fleire av tilskotsordningane kompenserer noko for dette, viser driftsgranskingane at inntekta til vestlandsbonden har vore lågare enn gjennomsnittet for landet i heile perioden.

Mjølkeproduksjon

For mjølkeprodusentane har det vore om lag same utviklinga målt i kr per årsverk i dei to fylka som det har vore på landsbasis i perioden (figur 2.13). Strukturen i mjølkeproduksjonen på Vestlandet er i rask endring som elles i landet. Kvotesystemet gjer at mjølkeproduksjonen vert verande innafor same fylke sjølv om det er stor avgang av mjølkeprodusentar. Gjennomsnittleg mjølkekvote har auka mykje dei siste åra. I Tine Vest sitt område var gjennomsnittleg kvote 86 000 liter per driftseining i 2007. Danning av samdrifter har blitt ein vanleg måte for å auke storleiken på driftseininga. Oppkjøp av kvote både gjennom staten og via privat ordning gjer også sitt til at snittkvoten vert større.

Økonomien i mjølkeproduksjonen i dei to vestlandsfylka har vore stabil dei siste åra. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk har lege rundt kr 160 000 målt i faste kr frå 1998 til 2007. Dette er litt under nivået for landsgjennomsnittet. (Sjå figur 2.13).

Sauehald

Økonomien i sauehaldet på Vestlandet har vore låg gjennom mange år. Sauebuskapane i Hordaland og Sogn og Fjordane har vore små. I driftsgranskingane har middelet lege mellom 70 og 100 vinterfôra sauer siste tiåret. Dette er høgare enn buskapsmiddelet i dei to fylka, då driftsgranskingane berre omfattar dei buskapane som er rekna som yrkesmessig drift. Det vil i praksis seie buskapar større enn 40–50 vinterfôra sauer. Likevel er økonomien svak. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk har variert mellom kr 50 000 og kr 85 000 i perioden (figur 2.14). Dette er godt under landsgjennomsnittet. Hovudårsaka er mindre buskapar og lågare produktivitet. Det har vore ein auke i arbeidsvederlaget kvart år sidan botnåret 2001 og fram til siste år med resultat, 2007. Årsaka til auken er betre rammevilkår for sauebøndene med auke i tilskot og auke i kjøtprisar, særleg i 2007. Dessutan har det vore moderat kostnadsvekst i sauehaldet samanlikna med andre produksjonar.

Mjølkeproduksjon kombinert med sau

Ein vanleg driftskombinasjon i vestlandsfylka, er mjølkeproduksjon kombinert med sau. Mjølkekvotane er avgrensande for produksjon av mjølk, og for å utnytte grovfôr og utmarksressursar er sau eit aktuelt alternativ for mange i tillegg til mjølk. Økonomien i denne produksjonen har vore stabil i perioden frå 1998 til 2007. Vederlaget per årsverk har lege på om lag kr 140 000 målt i faste kr over perioden (figur 2.15). Det er litt svakare enn for dei reine mjølkeprodusentane. Samanlikna med resten av landet er utvikling og nivå omtrent som for mjølkeproduksjon. 2007 var eit positivt år for jordbruket på Vestlandet. Vederlag per årsverk auka med litt over kr 30 000 for Hordaland/-Sogn og Fjordane og med litt over kr 20 000 for landsgjennomsnittet.

Fruktproduksjon

I enkelte område i dei to fylka er frukt- og bærproduksjon ei viktig næring. I Hardanger, Sogn og Nordfjord er det kommunar og bygder med sterke produksjonsmiljø for frukt og bær. Økonomien i fruktnæringa varierer mykje frå år til år i takt med avling og prisar (figur 2.16). Fruktprodusentane i disse to vestlandsfylka har gjennom siste perioden lege under landsgjennomsnittet for alle bønder med unnatak for år 2006.



Figur 2.12 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, gjennomsnitt alle bruk, deflaterte tal, 1998–2007

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane



Figur 2.13 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk for mjølkeproduksjon 1998–2007, deflaterte tal

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane



Figur 2.14 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk for bruk med sauehald 1998–2007, gjennomsnitt alle bruk, deflaterte tal.

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane



Figur 2.15 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk for bruk med mjølkeproduksjon kombinert med sauehald, 1998–2007, gjennomsnitt, deflaterte tal

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane



Figur 2.16 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk for bruk med fruktproduksjon 1998–2007, gjennomsnitt, deflaterte tal

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane

2.4.3 Nettoinntekt

Nettoinntekt i driftsgranskingane er summen av overskot frå alle næringar, løn, pensjon, trygd og kapitalinntekter med frådrag av gjeldsrenter og kår. Nettoinntekta er eit uttrykk for samla inntekter for brukarfamilien.

I motsetnad til driftsoverskot frå jordbruket, varierer nettoinntekta per bruk lite med driftsform, storleik og region. I praksis viser det seg at brukarfamilien hentar inntekter frå ulike kjelder for å ha ein rimeleg levestandard.

Målt i faste kr, har nettoinntekta for Hordaland og Sogn og Fjordane auka frå om lag kr 400 000 i 1998 til i om lag kr 600 000 i 2007 (figur 2.17). Hordaland har hatt noko høgare nettoinntekt i middel enn Sogn og Fjordane dei siste åra, medan det var motsett dei første åra i perioden. Samanlikna med landsgjennomsnittet, har vestlandsfylka lege litt under i mest alle åra mellom 1998 og 2006. I 2007 har Hordaland fylke hatt litt høgare nettoinntekt enn landsgjennomsnitt.



Figur 2.17 Nettoinntekt per brukarfamilie 1998–2007

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane



Figur 2.18 Del av samla inntekt som kjem frå jordbruket 1998–2007

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane

2.5 Rammevilkår

Med rammevilkår meiner vi her ulike tilhøve rundt landbruket som set rammer for produksjonen. Det gjeld naturgitte tilhøve som klima, topografi og arrondering. I tillegg kjem politiske verkemiddel i form av reguleringar, forskrifter og tilskot. Marknadstilhøva er også eit viktig rammevilkår for all produksjon.

Dei naturgitte tilhøva på Vestlandet er vanskelege for moderne, rasjonell jordbruksproduksjon. Klimaet er fuktig, og mykje nedbør gjev ofte store utfordringar til dømes under innhaustinga. Forsommartørke kan likevel gjere at det vert trong for kunstig vatning i delar av vekstsesongen. På kysten er klimaet mildt, noko som gjev høve til å ta tre grovfôravlingar, medan klimaet i fjordstrøka gjev gode dyrkingsforhold for frukt og bær.

Også topografien på Vestlandet gjer rasjonell jordbruksproduksjon vanskeleg. På kysten er det ofte grunn jord med mykje fjell i dagen. Dette gjev små teigar og vanskeleg arrondering. I fjordstrøka er det berre ei smal stripe mellom fjorden og utmarka som er dyrka, og bratt lende skaper vanskar for moderne landbruksmaskiner. Resultatet er at det er mange små driftseiningar og relativt lite produksjonsomfang per driftseining i landsdelen. Samtidig gjev dei naturgitte tilhøva vilkår for satsing på reiseliv og fritidsaktivitetar. Fjordstrøka på Vestlandet er kåra til eit av dei beste reisemåla i verda av National Geographic Traveller i 2004. Dette opnar for auka satsing også på landbruksbasert reiseliv. I kjølvatnet av dette er også marknaden for lokalprodusert mat og lokal foredling aukande.

Offentlege verkemiddel i form av ulike tilskot er eit viktig reiskap for å lage levelege vilkår for landbruksproduksjon på Vestlandet. Mange verkemiddel som distriktstilskot, arealtilskot, regionale miljøtilskot og driftstilskot på mjølk er viktige i arbeidet med å jamne ut skilnader i naturgitte rammevilkår mellom ulike landsdelar. Verkemiddelsystemet er bygt opp gjennom fleire tiår, og retninga er blitt endra av ulike politiske regime. Rundt tusenårsskiftet kom det ein del endringar som råka småskalajordbruket på Vestlandet hardt. I jordbruksavtalen for 2002/2003 vart botnfrådraget auka frå kr 5 000 til kr 6 000. I tillegg kom det ein del endringar som har påverka utviklinga i jordbruket på Vestlandet vesentleg. Det vart utflating av satsane for arealtilskot. I tillegg kom det krav om omsetning på minst kr 30 000 for å få produksjonstilskot. Meirverdiavgiftsgrensa vart auka til kr 50 000 for å vere registrert i mva-registeret.

I sum førte alle desse endringane til at det skjedde eit stort fråfall av bruk i løpet av ein kort periode frå 2002 til 2006. I 2005 vart satsane for dyretilskot flata ut, noko som også var negativt for jordbruket i vestlandsfylka.

I dei siste jordbruksoppgjera er desse tiltaka for å styrka større driftseiningar, endra tilbake. Botnfrådraget er gradvis redusert, og er for 2008 kr 4 000. Nedre grense for å få produksjonstilskot er senka frå kr 30 000 til kr 20 000. Regionalt miljøprogram har erstatta mange sentrale ordningar, og gjev kvart enkelt fylke høve til å gjere eigne prioriteringar.

3 Verdiskaping – terminologi og metode

3.1 Verdiskaping

Omgrepet verdiskaping vert nytta på mange felt, både i faglitteratur og i meir politisk samanheng. I nasjonalrekneskapen og i rekneskap med basis i nasjonalrekneskapen, nyttast bruttoprodukt som uttrykk for verdiskaping. Bruttoprodukt er verdien av produserte varer og tenester minus vareinnsatsen. Kapitalslit (avskrivingar) er ikkje trekte frå. Produktstøtte, til dømes prisstøtte, er med i bruttoproduktet, men ikkje støtte som ikkje kan relaterast direkte til eit produkt. Sjå til dømes SSB (2008a) for ei forklaring av dei ulike omgrepa i nasjonalrekneskapen.

I jordbruket er det fleire støtteordningar som ikkje er avhengige av produsert mengde, til dømes husdyrtilskot, arealtilskot, kulturlandskapstilskot og investeringsstøtte. Slike tilskot vil ikkje verte rekna med i verdiskapinga i nasjonalrekneskapen. Dei er likevel viktige for inntektene i jordbruket og for inntektsverknaden i andre næringar. Det kan også argumenterast med at overføringane til jordbruket er betaling for produksjon av fellesgode, slik at ein kan sjå på omfanget av overføringane som eit mål på korleis samfunnet verdset produksjon av fellesgode reint økonomisk. I modellen for utrekning av verdiskaping i jordbruket har vi valt å ta med alle støtteordningane, og avvik derfor frå berekningane i nasjonalrekneskapen.

I dette notatet nyttar vi uttrykket nettoprodukt medrekna tilskot når vi omtalar verdiskaping. Nettoproduktet er betaling for arbeidsinnsats og forrenting av investert kapital. Til svarande uttrykk er nytta i berekningane for Hedmark (Lien et al. 2004), Nord-Noreg (Stornes et al. 2005), Sør-Trøndelag (Sjelmo et al., 2005), Nord-Trøndelag (Kjesbu et al., 2006b), Møre og Romsdal (Kjesbu og Sjelmo, 2007) og Aust- og Vest-Agder (Lyng et al. 2008).

Inntektene er delte i to, marknadsinntekter og offentlege tilskot. Marknadsinntektene er inntekter frå sal av jordbruksprodukt, eksklusive pristilskot. Leigeinntekter for bruka av traktor og reiskap m.m. inngår i marknadsinntektene. Offentlege tilskot inkluderer alle tilskot, slik som areal- og kulturlandskapstilskot, produksjonstilskot for husdyr, driftstilskot for mjølkeproduksjon, distrikts- og grunntilskot, avløysarrefusjon og diverse andre tilskot.

VERDISKAPING (FAKTORINNTEKT)

Sum inntekter, jordbruk
+Familiens arbeid på nyanlegg
- Sum kostnader før avskrivingar, jordbruk
+Kostnader til leigd hjelp
+Kostnader til jordleige

=Bruttoprodukt inkl. tilskot
- Sum avskrivingar, jordbruk

=Nettoprodukt inkl. tilskot
=Faktorinntekt

3.2 Produksjonar som inngår i berekningane

Verdiskaping og sysselsetting i primærjordbruket er rekna på kommunenivå for Hordaland og Sogn og Fjordane. I desse berekningane inngår tradisjonell produksjon av jord- og hagebruksvarer som mjølk, kjøt, ull, egg, frukt, bær, poteter, grønsaker og korn. I tillegg er det gjort berekningar for veksthusproduksjon og pelsdyr på kommunenivå, medan det for birøkt berre er gjort berekningar på fylkesnivå.
Følgjande driftsformer er med i berekningane:

- mjølkeproduksjon, ku
- mjølkeproduksjon, geit
- produksjon av storfekjøt på ammekyr
- sauehald
- utegangarsau
- produksjon av fjørfekjøt
- produksjon av egg
- kombinert produksjon, mjølk og svinehald
- produksjon av frukt og bær
- kombinert produksjon, grønsaker, potet og korn
- veksthusproduksjon
- pelsdyrhald
- birøkt (fylkesnivå).

Produksjon av storfekjøt som ikkje er frå ammekyr, er rekna med under mjølke-produksjon.

I tillegg til berekningane for primærjordbruket, er det utført berekningar for tilleggs-næringar på fylkesnivå og for skogbruk på kommunenivå.

3.3 Datagrunnlag

Utgangspunkt for berekningane er dyretal og areal i 2007. Dette året er valt fordi det er siste året det føreligg økonomiske data for. I hovudsak er det nytta to datakjelder som bakgrunn for berekningane, Statens landbruksforvaltnings tilskotsdatabase og NILFs driftsgranskingar i jord- og skogbruk.

Statens landbruksforvaltning (SLF) har i sin tilskotsdatabase oversikt over alle jord-bruksbedrifter som har mottatt produksjonstilskot. Tal frå denne databasen er nytta for å få tal for tal dyr og areal for ulike vekstar for dei enkelte kommunane i 2007. Tabell 3.1 viser teljedato og produksjonskode for data frå SLF.

Statistisk sentralbyrå (SSB) oppgjev tal jordbruksbedrifter i Hordaland til å vere 3 503 og i Sogn og Fjordane til å vere 3 584 i 2007 (SSB 2009a). Ifølgje tilskotsdata-basen var det 3 329 jordbruksbedrifter frå Hordaland og 3 454 frå Sogn og Fjordane som søkte om tilskot i 2007. Det er altså nokre bruk som ikkje mottek produksjons-tilskot. Der er rimeleg å rekne med at dei jordbruksbedriftene som ikkje søker, eller ikkje oppnår tilskot, er svært små i økonomisk omfang, og at også arbeidsinnsatsen på desse bruka er låg. Det kan også vere bruk som ikkje har krav på tilskot, som til dømes spesialisert produksjon av pelsdyr. Utgangspunktet for berekning av verdiskaping er det dyretalet og arealet det er søkt om tilskot til.

Tabell 3.1 Data frå tilskotsregisteret til SLF[3], storleiksgrupper, teljedatoar og kode

Produksjon	Grupper	Kode SLF	Teljedato
Mjølkekyr	<15	120	31.07.2007
	>=15	120	31.07.2007
Ammekyr		121	31.07.2007
Sauer	<=75	137+138	01.01.2008
	>75	137+138	01.01.2008
Utegående sau		147+148	01.01.2008
Mjølkegeiter		140	31.07.2007
Purker		155+158	31.07.2007
Egg/verpehøner		160	31.07.2007
Kyllinger		186	01.01.2008
Grønnsaker		264	31.07.2007
Frukt		271+272+273+274	31.07.2007
Bær		280+281	31.07.2007

Det økonomiske datagrunnlaget er i hovudsak henta frå NILF sine driftsgranskingar i jord- og skogbruk for rekneskapsåret 2007. Gjennomsnittstal for ulike driftsformer er lagt inn i modellen for å kunne berekne verdiskaping for kvar driftsform. Driftsgranskingane dekkjer berre jordbruksbedrifter som er yrkesmessig drevne, og som har eit standard dekningsbidrag på meir enn 8 ESU[4]. Derfor vert gjennomsnittleg bruksstorleik noko større i driftsgranskingane enn kva som er realiteten. Ved å ta utgangspunkt i det dyretalet og dei areala det er søkt om produksjonstilskot til, vert dei minste bruka slegne saman i den næraste storleiksgruppa innan kvar driftsform. Til dømes er det mange bruk i Hordaland og Sogn og Fjordane som har små buskapar med 20–40 sau. Desse inngår i gruppa sau mindre enn 75 vinterfôra sau i modellen, sjå tabell 3.2 og tabell 3.3.

For at modellen skal vere så oversiktleg som mogleg, er det nytta økonomiske data frå bruk med einsidig produksjon. Denne forenklinga betyr i praksis at ein ikkje har teke omsyn til at det i jordbruket er vanleg med fleire driftsgreiner på same bruk. For nokre produksjonar har det ikkje vore mogleg å finne data for einsidig produksjon. Til dømes finn ein ikkje bruk med einsidig svinehald i driftsgranskingane. På Austlandet og i Trøndelag vert denne produksjonen ofte driven i kombinasjon med korndyrking, medan bruka på Vestlandet ofte driv i kombinasjon med mjølkeproduksjon. I modellen vert derfor verdiskaping for svinehaldet presentert som kombinasjon mjølkeproduksjon og svinehald. I kapittel 3.3.1 er driftsformene nærare beskrivne.

Tal bruk som utgjer grunnlaget for dei økonomiske berekningane i modellen, er lågare enn det faktiske talet på bruk. Likevel er tal husdyr og areal av salsavling det same som SLF har utbetalt tilskot til.

Det føreligg ikkje pålitelege data på kommunenivå frå driftsgranskingane. Berekningane for den enkelte kommune er derfor gjort på bakgrunn av data frå Vestlandet. For nokre produksjonar har det også vore naudsynt å styrke datagrunnlaget med data frå andre regionar i tillegg til data frå Vestlandet.

At tal bruk i modellen er lågare enn det faktiske talet bruk, gjer at tilskot som er heilt eller delvis uavhengige av produksjon, vert lågare enn det som faktisk er utbetalt. Dette gjeld til dømes driftstilskot til mjølkeproduksjon. Samstundes vert sum botnfrådrag også lågare i modellen. For sum tilskot som kan samanliknast direkte med kva som er utbetalt frå SLF, areal- og kulturlandskapstilskot, produksjonstilskot til husdyr, driftstillegg (mjølk og ammeku) og botnfrådrag, har berekna tilskot i modellen blitt 1 prosent

[3] Veksthus, pelsdyr og birøkt er ikkje registrert i SLFs tilskotsregister.
[4] 8 ESU (europeiske storleikseiningar) svarar til 70 000–80 000 kr.

for høgt for Hordaland og 3 prosent for lågt for Sogn og Fjordane. Dette avviket er vurdert til å vere akseptabelt.

Pelsdyr, birøkt og veksthusproduksjon inngår ikkje i berekningane i modellen. For desse produksjonane er nettoproduktet berekna særskild. Ein del av tala som vert presenterte i dette notatet, er derfor for jordbruk utanom pelsdyr, birøkt og veksthus.

Tabell 3.2 Hordaland, tal søkjarar SLF og tal bruk i berekningane til NILF

Hordaland	Tal søkjarar, SLF	Tal dyr/areal	Gj. tal dyr/ areal pr søkjar	Driftsform i berekningane, NILF	Tal bruk i modell		Tal dyr/areal
Mjølkekyr	875	12 483	14	Mjølkeprod., ku			
<15 årskyr	*545*	*5 173*	*9*	*<15 årskyr*	*483*		*10,7 årskyr*
>= 15 årskyr	*330*	*7 310*	*22*	*>= 15 årskyr*	*264*	*1)*	*22,1 årskyr*
Ammekyr	391	2 494	6	Ammekyr	122		20,4 ammekyr
Mjølkegeiter	41	3 424	84	Mjølkeprod., geit	38		90,7 årsgeiter
Vinterfôra sau	1 911	93 528	49	Sauehald			
<=75 vfs	*1 581*	*55 446*	*35*	*<=75 vfs*	*1 029*		*53,9 vfs*
>75 vfs	*330*	*38 082*	*115*	*>75 vfs*	*312*		*122,1 vfs*
Utegangarsau	246	10 021	41	Utegangarsau	223		45 vfs
Slaktekylling	15	810 877	54 058	Fjørfekjøt	8		98 043 slaktekyllinger
Alspurker	53	1 711	32	Mjølk og svinehald	76		22,4 purker/19,4 årskyr
Verpehøner	120	100 191	835	Egg	39		2594 verpehøner
Potet	78	168	2				
Grønsaker	25	75	3	Potet, grønsaker og			
Korn	8	233	29	korn slege saman	2		231 dekar
Frukt	344	8 517	25	Frukt og bær,			
Bær	59	193	3	spesialisert	208		42 dekar
Tal jordbruksbedrifter			3 329	Bruk i modellen	2 804		

1) +76 i kombinasjon med svinehald

Tabell 3.3 Sogn og Fjordane, tal søkjarar SLF og tal bruk i berekningane til NILF

Sogn og Fjordane	Tal søkjarar, SLF	Tal dyr/areal	Gj. tal dyr/ areal pr søkjar	Driftsform i berekningane, NILF	Tal bruk		Tal dyr/areal
Mjølkekyr	1 320	17 529	13	Mjølkeprod., ku			
<15 årskyr	*882*	*8 481*	*10*	*<15 årskyr*	*793*		*10,7 årskyr*
>= 15 årskyr	*438*	*9 048*	*21*	*>= 15 årskyr*	*349*	*2)*	*22,1 årskyr*
Ammekyr	303	1 796	6	Ammekyr	88		20,4 ammekyr
Mjølkegeiter	78	7 323	94	Mjølkeprod., geit	81		90,7 årsgeiter
Vinterfôra sau	1 788	95 189	53	Sauehald			
<=75 vfs	*1 382*	*49 130*	*36*	*<=75 vfs*	*912*		*53,9 vfs*
>75 vfs	*406*	*46 059*	*113*	*>75 vfs*	*377*		*122,1 vfs*
Utegangarsau	36	1 409	39	Utegangarsau	31		45 vfs
Slaktekylling	1	15	15	Fjørfekjøt	-		98 043 slaktekyllinger
Alspurker	55	1 547	28	Mjølk og svinehald	69		22,4 purker/19,4 årskyr
Verpehøner	114	88 880	780	Egg	34		2594 verpehøner
Potet	203	1 235	6				
Grønsaker	50	476	10	Potet, grønsaker og			
Korn	9	453	50	korn slege saman	11		231 dekar
Frukt	261	3 420	13	Frukt og bær,			
Bær	220	2 378	11	spesialisert	138		42 dekar
Tal jordbruksbedrifter			3 454	Bruk i modellen	2 883		

2)+69 i kombinasjon med svinehald



Figur 3.1 Geografisk fordeling av tal søkjarar av produksjonstilskot, Hordaland



Figur 3.2 Geografisk fordeling av søkjarar av produksjonstilskot, Sogn og Fjordane

3.3.1 Metode for å berekne verdiskaping for ulike driftsformer

Mjølkeproduksjon, ku

For mjølkeproduksjon er det nytta tal frå driftsgranskingane for bruk frå Vestlandet (Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal). Bruka er delt inn i to storleiksgrupper etter tal årskyr; mindre enn 15 årskyr og større/lik 15 årskyr.

Kjøtproduksjon på storfe, ammekyr

Ein stor del av kjøtproduksjonen på storfe føregår i kombinasjon med mjølkeproduksjon, eller på innkjøpte NRF-kalvar. I modellen er det føresett at denne delen av kjøtproduksjonen er fanga opp på mjølkeproduksjonsbruka. I tillegg føregår det kjøtproduksjon på bruk med ammekyr. I modellen er det føresett at all kjøtproduksjon på ammekyr er spesialisert produksjon. Det er relativt få vestlandsbruk med denne produksjonen som er med i driftsgranskingane. Økonomidata er derfor henta frå driftsgranskingsbruk frå Austlandet andre bygder (ikkje flatbygder), Agder og Rogaland andre bygder (ikkje Jæren) og Vestlandet.

Mjølkeproduksjon, geit

Økonomidata for produksjon av geitemjølk er henta frå driftsgranskingsbruk frå Austlandet andre bygder og Vestlandet.

Sauehald

Bruk med sauehald er delt i to storleiksgrupper etter tal dyr; mindre/lik 75 vinterfôra sauer (vfs) og større enn 75 vfs. Også for sauehald er det nytta økonomidata frå driftsgranskingsbruk frå Austlandet andre bygder, Agder og Rogaland andre bygder og Vestlandet.

Utegangarsau

Det er for få bruk i driftsgranskingane som har utegangarsau til at ein kan berekne verdiskaping for denne dyregruppa ut frå driftsgranskingsdata. Det er derfor nytta kalkylar for berekningane.

Svinehald

Det er få av bruka i driftsgranskingane som har einsidig svinehald. Dei driftsgranskingsbruka frå Vestlandet som har svinehald, produserer svinekjøt i kombinasjon med mjølkeproduksjon. Det er derfor ikkje rekna verdiskaping for einsidig svinehald, men for svinehald i kombinasjon med mjølkeproduksjon. Økonomidata er henta frå driftsgranskingsbruk med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald frå Vestlandet.

Fjørfekjøt

Fjørfekjøt vert produsert i kombinasjon med andre husdyrproduksjonar eller i kombinasjon med planteproduksjon. I driftsgranskingane er det for få bruk med fjørfeproduksjon frå Vestlandet til at ein kan nytte tal frå desse bruka til utrekning av verdiskaping for produksjonen. Ein har derfor nytta landstal for bruk med kombinasjonen korn og fjørfekjøt. For ikkje å få for stort innslag av kornproduksjon i høve til faktisk kornproduksjon på Vestlandet, er tala korrigerte for verdiskaping frå kornproduksjonen. Landstala er også korrigerte for manglande distriktstilskot på fjørfekjøt.

Eggproduksjon

Også egg vert i hovudsak produsert i kombinasjon med andre produksjonar. Ein har nytta same metode for å komme fram til verdiskaping for eggproduksjon som for fjørfekjøt, det er nytta landstal for bruk med kombinasjonen egg og korn. Tala er korrigerte for verdiskaping frå kornproduksjon og for manglande distriktstilskot på egg.

Frukt- og bærproduksjon

Driftsgranskingsbruka med frukt- og bærproduksjon er i hovudsak lokaliserte i Hordaland og Sogn og Fjordane. Økonomidata for produksjonen er henta frå desse bruka.

Produksjon av grønsaker, poteter og korn

Det er liten produksjon av grønsaker, poteter og korn på Vestlandet. I Hordaland vart det i 2007 i alt søkt om produksjonstilskot til 75 dekar grønsaker, 168 dekar potet og 233 dekar korn. Tilsvarande tal for Sogn og Fjordane var 476 dekar grønsaker, 1 235 dekar potet og 453 dekar korn. I driftsgranskingane er ikkje desse produksjonane representerte for Vestlandet. For å kunne berekne verdiskaping for grønsaker, poteter og korn har ein derfor slege saman dei tre produksjonane og nytta økonomidata frå ei gruppe bruk frå Agder med ulike kombinasjonar av dei tre produksjonane.

Veksthusproduksjon

For veksthusproduksjon er det nytta data frå veksthusundersøkinga til SSB frå 2006 (areal og omfang) (SSB 2008c). I tillegg er det nytta tal frå dekningsbidragskalkylar i Handbok for driftsplanlegging (NILF 2006) til variable kostnader og arbeidsforbruk, og data frå Veksthusringen for faste kostnader. Oppgåve frå Noregs Gartnerforbund ligg til grunn for fordeling av produksjon mellom ulike produksjonar.

Pelsdyr

Oppgåve over omsette skinn ved Oslo skinnauksjoner frå Norges Pelsdyralslag for sesongen 2007/2008 ligg til grunn for omsetning. Handbok for driftsplanlegging er kjelde for kostnader. Arbeidsforbruk er henta frå NILF-notat Pelsdyrholdet i Noreg – utvalgte emner (Hovland 2008). I tillegg er det henta informasjon frå nokre bruk i driftsgranskingane for å kvalitetssikre dei andre datakjeldene.

Birøkt

Data om birøkt i vestlandsfylka er henta frå skriftleg meddeling frå Norges Birøkterlag. Arbeidsforbruk og faste kostnader er henta frå NILF-notat Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest Agder (Lyng m.fl. 2008). Dekningsbidrag er henta frå kalylar i Handbok for driftsplanlegging. I tillegg er det nytta kvalitetssikring av data hos ein pelsdyrprodusent i Hordaland.

Tilleggsnæring

Med tilleggsnæring meiner vi her næringsaktivitet utanom jord- og skogbruk basert på ressursane til bruket. For tilleggsnæring er det nytta data frå Driftsgranskingar i jord- og skogbruk 2007. Næringsaktivitet og omfang på bruka som er med dette utvalet, er nytta til å rekne ut verdiskaping på alle gardsbruk i Hordaland og Sogn og Fjordane.

For å fordele verdiskapinga mellom fylka, er det nytta tal frå landbruksundersøkinga til SSB.

Skogbruk

Svært mange av gardsbruka i Hordaland og Sogn og Fjordane har ein del skog. Aktiviteten i skogbruket varierer mykje mellom år, og mest alt tømmer vert no teke ut av entreprenør. Opplysningar om uttak av tømmer og brutto omsetning er teke frå skogstatistikken til landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i dei to fylka. Kostnader til avvirking er skjønnmessig vurdert av Nesheim Skogsmaskiner A/S på Utne. Arbeidsforbruk er vurdert av Fylkesmannen i Hordaland (Ottar Haugen).

For uttak av ved er det nytta data frå SSB (2009d) for 2005, det siste året dei hadde statistikk på dette. Det er rekna verdiskaping på ved fram til rundstokk på velteplass. Vidare foredling av ved kjem inn under tilleggsnæringar i denne undersøkinga.

4 Verdiskaping frå jord- og skogbruk, resultat frå berekningane

4.1 Jordbruk

Den totale verdiskapinga for jordbruket er berekna til 562 mill. kr for Hordaland og 606 mill. kr for Sogn og Fjordane. Til samanlikning vart verdiskapinga i jordbruket i Møre og Romsdal berekna til ca. 700 mill. kr i 2005 (Kjesbu og Sjelmo 2007) og i Agder-fylka til 332 mill. kr i 2006 (Lyng m.fl., 2008). Tabell 4.1 viser utrekning av verdiskaping som nettoprodukt (medrekna tilskot) for Hordaland og Sogn og Fjordane.

Tabell 4.1 Verdiskaping jordbruk som nettoprodukt, mill. kr

			Nettoprodukt, mill. kr	
			Hordaland	Sogn og Fjordane
	Sum inntekter jordbruk	*	1 323,8	1 519,8
+	Familiens arbeid på nyanlegg	*	12,4	11,8
-	Sum kostnader før avskrivingar	*	812,2	922,0
+	Kostnader til leigd hjelp	*	112,0	127,6
+	Kostnader til jordleige	*	7,4	8,5
=	Bruttoprodukt inkl. tilskot	*	643,4	745,7
-	Sum avskrivingar	*	128,8	147,5
=	Nettoprodukt inkl tilskot	*	514,6	598,2
+	Nettoprodukt veksthus		44,6	3,8
+	Nettoprodukt pelsdyr		0,7	2,9
+	Nettoprodukt birøkt		2,6	1,2
=	**Nettoprodukt jordbruk i alt**		**562,5**	**606,0**

*) Jordbruk utanom veksthus, pelsdyr og birøkt

Figur 4.1 til figur 4.4 viser verdiskapinga som nettoprodukt for kommunane i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane. Birøkt er ikkje med i tala for kommunane då det ikkje finst tal for omfanget av produksjonen på kommunenivå. I Hordaland er det Voss som har høgast verdiskaping med 78,5 mill. kr. Deretter følgjer Ullensvang (64,4 mill. kr), Kvinnherad (56,1 mill. kr), (Kvam 51,6 mill. kr) og Etne (46,2 mill. kr). Gloppen er kommunen med høgaste verdiskapinga i Sogn og Fjordane med 73 mill. kr, følgt av Stryn (59,2 mill. kr), Luster (47,3 mill. kr), Jølster 41,4 mill. kr) og Sogndal (37,8 mill. kr).



Figur 4.1 Verdiskaping jordbruk, geografisk fordeling, Hordaland, mill. kr[5]



Figur 4.2 Verdiskaping jordbruk, geografisk fordeling, Sogn og Fjordane, mill. kr[3]

[5] Verdiskaping frå birøkt er ikkje fordelt på kommunar og er derfor ikkje med.



Figur 4.3 Verdiskaping jordbruk (utan birøkt), mill. kr, kommunar, Hordaland



Figur 4.4 Verdiskaping jordbruk (utan birøkt), mill. kr, kommunar, Sogn og Fjordane

4.2 Produksjonsinntekter

Produksjonsinntekter inngår som ein viktig del av omgrepet verdiskaping. Produksjonsinntekter er verdien av varer og tenester som er produserte i løpet av året, inkl. offentlege tilskot. Produksjonsinntektene utgjer 1,32 mrd. kr for jordbruket i Hordaland og 1,5 mrd. kr i Sogn og Fjordane. Av dette utgjer marknadsinntektene 806,8 mill. kr for Hordaland og 917,9 mill. kr for Sogn og Fjordane. Veksthus, birøkt og pelsdyr er ikkje med i desse tala. Figur 4.5 og 4.6 viser produksjonsinntekter for kvar kommune.



Figur 4.5 Produksjonsinntekter fordelt på marknadsinntekter og tilskot, 1 000 kr, kommunar i Hordaland[6]

[6] Veksthus, pelsdyr og birøkt er ikkje med.



Figur 4.6 Produksjonsinntekter fordelt på marknadsinntekter og tilskot, 1 000 kr, kommunar i Sogn og Fjordane[7]

[7] Veksthus, pelsdyr og birøkt er ikkje med.

4.3 Kostnader

I modellen for berekning av verdiskaping er kostnadene for det tradisjonelle jordbruket delt inn i kostnader til leigd hjelp, kostnader til jordleige, avskrivingar og kostnader til varer og tenester. Kostnader til jordleige og leigd hjelp vert rekna som ein del av verdiskapinga, sjå definisjonen av nettoprodukt s. 21.

Sum kostnader er rekna til 941 mill. kr i Hordaland og 1 069,5 mill. kr i Sogn og Fjordane. Av dette utgjer leigd hjelp høvesvis 112,0 mill. kr og 127,6 mill. kr og kostnader til andre varer og tenester 692,8 mill. kr og 785,9 mill. kr. Figur 4.7 viser sum kostnader frå berekningane i verdiskapingsmodellen fordelt på kostnader til varer og tenester, kostnader til jordleige, leigd arbeid og avskrivingar for dei to fylka. Birøkt, pelsdyr og veksthusproduksjonar er ikkje med i desse berekningane.



Figur 4.7 Sum kostnader i jordbruket delt på varer og tenester, jordleige, leigd hjelp og avskrivingar for Hordaland og Sogn og Fjordane[8]

Figurane under viser høvesvis kostnader til innkjøp av varer og tenester og kostnader til leigd hjelp for kommunane i dei to fylka. Samansetninga av kostnadene er noko ulik i kommunane. Arbeidsintensive produksjonar, som frukt- og bærproduksjon, gjer at i til dømes Ullensvang utgjer kostnader til leigd hjelp ein større del av kostnadene enn i kommunar med hovudvekt av produksjonar som er mindre arbeidsintensive.

[8] Birøkt, pelsdyr og veksthus er ikkje inkludert.



Figur 4.8 Kostnader til varer og tenester, Hordaland, mill. kr[9]

[9] Birøkt, pelsdyr og veksthus er ikkje inkludert.



Figur 4.9 Kostnader til varer og tenester, Sogn og Fjordane, mill. kr[10]

4.4 Verdiskaping for dei ulike produksjonane i jordbruket

Mjølkeprodusentane står for den største verdiskapinga i begge fylka. I Hordaland utgjer verdiskaping frå mjølkeproduksjon 225,8 mill. kr, eller 41 prosent av den totale verdiskapinga. I tillegg kjem verdiskaping frå bruk med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald med 49,5 mill. kr. Verdiskaping frå sauehald utgjer 120,8 mill. kr og frukt- og bærproduksjon 69,7 mill. kr (12 %). Hordaland har også relativt stor veksthus-produksjon. Totalt er verdiskapinga frå veksthus berekna til 44,6 mill. kr.

[10] Birøkt, pelsdyr og veksthus er ikkje inkludert.



Figur 4.10 Verdiskaping fordelt etter driftsform, Hordaland

I Sogn og Fjordane utgjer total verdiskaping frå mjølkeproduksjon 331,3 mill. kr, eller 54 prosent av samla verdiskaping frå jordbruket. Mjølk og svin er i tillegg berekna til 44,7 mill. kr. Sauehald bidreg med 118,8 mill. kr og frukt- og bærproduksjon med 46,4 mill. kr.



Figur 4.11 Verdiskaping fordelt etter driftsform, Sogn og Fjordane

4.4.1 Mjølkeproduksjon

Det var 12 483 mjølkekyr i Hordaland i 2007. I modell inngår 11 002 av kyrne i berekningane for rein mjølkeproduksjon, dei siste 1 481 inngår i berekningane for kombinert produksjon av mjølk og svin. Ifølgje våre berekningar betyr det om lag 747 reine mjølkebruk i Hordaland. Vi har estimert ei samla verdiskaping på 225,8 mill. kr, marknadsinntekter på 361,7 mill. kr, offentlege tilskot på 205,9 mill. kr og eit arbeidsforbruk på 1 187 årsverk i mjølkeproduksjon. Mjølkeproduksjon er den største produksjonen målt i verdiskaping i Hordaland og står for om lag 41 prosent av samla verdiskaping i jordbruket i Hordaland. Mjølkeproduksjon er også størst om ein ser på tal årsverk og marknadsinntekter. Voss er kommunen med høgast verdiskaping frå mjølkeproduksjon med sine 52,9 mill. kr, etterfølgt av Kvinnherad med 33,4 mill. kr og Kvam med 21,5 mill. kr. Fedje og Askøy har ingen verdiskaping frå mjølkeproduksjon. Figur 4.12 og figur 4.14 og viser verdiskaping i mjølkeproduksjon for kommunane i Hordaland.

I 2007 var det 17 529 mjølkekyr i Sogn og Fjordane. I vår modell inngår 16 550 i rein mjølkeproduksjon og 979 i berekningane for kombinert mjølke- og svineproduksjon. I modellen inngår det 1 141 reine mjølkebruk i Sogn og Fjordane, og vi har estimert ei samla verdiskaping på 331,3 mill. kr, marknadsinntekter på 528,5 mill. kr, offentlege tilskot på 306,7 mill. kr og eit arbeidsforbruk på 1 787 årsverk i mjølkeproduksjon. Mjølkeproduksjon står for over halvparten av verdiskapinga i jordbruket i Sogn og Fjordane, og er dobbelt så stor som den neste største produksjonstypen, sau. Modellen viser også at mjølkeproduksjon er størst i tal årsverk og i marknadsinntekter. Gloppen er den kommunen med høgast verdiskaping frå mjølk, etterfølgt av Jølster og Stryn. Årdal er den einaste kommunen i Sogn og Fjordane utan mjølkeproduksjon. Figur 4.13 og figur 4.15 viser verdiskaping i mjølkeproduksjon for Sogn og Fjordane.



Figur 4.12 Verdiskaping i mjølkeproduksjon, geografisk fordeling, Hordaland, mill. kr



Figur 4.13 Verdiskaping i mjølkeproduksjon, geografisk fordeling, Sogn og Fjordane, mill. kr



Figur 4.14 Verdiskaping i mjølkeproduksjon, kommunar i Hordaland, mill. kr



Figur 4.15 Verdiskaping i mjølkeproduksjon, kommunar i Sogn og Fjordane, mill. kr

4.4.2 Mjølkeproduksjon og svinehald

Berekningane for kombinert mjølke- og svineproduksjon inkluderer 1 711 purker og 1 481 mjølkekyr i Hordaland. Samla verdiskaping frå kombinert mjølke- og svineproduksjon utgjer om lag 9 prosent av total verdiskaping og er estimert til 49,5 mill. kr. Marknadsinntektene utgjer 113,4 mill. kr, offentlege tilskot 25,9 mill. kr og arbeidsforbruket i produksjonen 182 årsverk.

Etne er den kommunen i Hordaland som har størst verdiskaping frå kombinert mjølke- og svineproduksjon med 22,6 mill. kr. I alt har kommunen 46 prosent av purkene i fylket, og verdiskaping frå denne produksjonen utgjer nær halvparten av den samla verdiskapinga i jordbruket i kommunen.

I Sogn og Fjordane inkluderer berekningane 1 547 purker og 979 årskyr. Samla verdiskaping frå kombinert mjølke- og svinehald utgjer om lag 7 prosent av den totale verdi-

skapinga og er estimert til 44,8 mill. kr. Marknadsinntektene utgjer 102,5 mill. kr og offentlege tilskot 23,4 mill. kr. Samla arbeidsinnsats i produksjonen utgjer 164 årsverk i fylket.

Stryn og Gloppen er dei to kommunane som har størst verdiskaping frå kombinert mjølke- og svineproduksjon med høvesvis 11,5 og 13,1 mill. kr.



Figur 4.16 Verdiskaping mjølkeproduksjon og svinehald, geografisk fordeling, Hordaland, mill. kr



Figur 4.17 Verdiskaping mjølkeproduksjon og svinehald, geografisk fordeling, Sogn og Fjordane, mill. kr



Figur 4.18 Verdiskaping i mjølkeproduksjon og svinehald, kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane med verdiskaping større enn kr 100 000, mill. kr

4.4.3 Produksjon av geitemjølk

Ved teljedato var det 3 424 mjølkegeiter i Hordaland og 7 323 i Sogn og Fjordane. Verdiskaping for denne produksjonen er berekna til 12,8 mill. kr i Hordaland og 27,4 mill. kr i Sogn og Fjordane.



Figur 4.19 Verdiskaping i produksjon av geitemjølk, kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane, mill. kr

4.4.4 Sauehald

Sauehaldet står sterkt på Vestlandet, og er den nest største produksjonen målt i verdiskaping i begge fylka. For Hordaland inkluderer modellen 113 570 vinterfôra sauer, inkludert 10 021 utegangarsau. Særleg i kommunane Austevoll, Lindås og Radøy er innslaget av utegangarsau stort, og desse tre kommunane har over halvparten av utegangarsauene i fylket.

Verdiskaping frå sauehaldet er estimert til 120,8 mill. kr. Marknadsinntektene utgjer 144,8 mill. kr, offentlege tilskot 203,0 mill. kr og samla arbeidsinnsats er 1 095 årsverk. Verdiskaping frå utegangarsau er inkludert med 7,2 mill. kr.

Voss er den kommunen i Hordaland som har størst verdiskaping frå sauehaldet med 13,5 mill. kr, følgt av Lindås (9,9 mill.), Kvinnherad (9,2 mill.), Sveio (9,1mill.) og Etne (8,8 mill.).

For Sogn og Fjordane inkluderer berekningane 98 007 vinterfôra sauer, av dette er berre 1 409 utegangarsau. Verdiskapinga er berekna til 118,8 mill. kr. Marknadsinntektene utgjer 142,3 mill. kr, offentlege tilskot 193,3 mill. kr og arbeidsinnsatsen utgjer 1 064 årsverk.

Verdiskapinga frå sauehaldet er størst i Luster kommune med 13,0 mill. kr. Deretter følgjer Sogndal, Stryn, Gloppen og Vik med høvesvis 8,7; 8,5; 7,9 og 7,7 mill. kr.



Figur 4.20 Verdiskaping i sauehald, geografisk fordeling, Hordaland, mill. kr



Figur 4.21 Verdiskaping i sauehald, geografisk fordeling, Sogn og Fjordane, mill. kr



Figur 4.22 Verdiskaping i sauehald, kommunar i Hordaland, mill. kr



Figur 4.23 Verdiskaping i sauehald, kommunar i Sogn og Fjordane, mill. kr

4.4.5 Storfeslakt på ammekyr

Ein stor del av kjøtproduksjon på storfe føregår i kombinasjon med mjølkeproduksjon, eller på innkjøpte NRF-kalvar. I modellen er det føresett at denne delen av kjøtproduksjonen er fanga opp på mjølkeproduksjonsbruka.

Ved teljedato er det registrert 2 494 ammekyr i Hordaland og 1 796 i Sogn og Fjordane. Verdiskaping for produksjonen er berekna til høvesvis 22,0 mill. kr og 15,6 mill. kr.



Figur 4.24 Verdiskaping i kjøtproduksjon på ammeku, kommunar i Hordaland, mill. kr



Figur 4.25 Verdiskaping i kjøtproduksjon på ammeku, kommunar i Sogn og Fjordane, mill. kr

4.4.6 Egg og fjørfeslakt

Egg og fjørfeslakt er små produksjonar i dei to fylka. Ved teljedato var det 100 191 verpehøner i Hordaland og 88 880 i Sogn og Fjordane. Verdiskaping frå eggproduksjon er høvesvis estimert til 10,2 mill. kr og 9,1 mill. kr. Verdiskaping frå fjørfeslakt er estimert til 2,7 mill. kr i Hordaland. Det er ikkje registrert fjørfeslakt i Sogn og Fjordane.



Figur 4.26 Verdiskaping i eggproduksjon, kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane, 1 000 kr



Figur 4.27 Verdiskaping i produksjon av fjørfekjøt, kommunar i Hordland, 1 000 kr

4.4.7 Grønsaker, poteter og korn

Det vert dyrka lite grønsaker, poteter og korn i dei to fylka. Totalt er det søkt om tilskot til 476 dekar i Hordaland og 2 164 dekar i Sogn og Fjordane. Verdiskaping frå desse produksjonane er berekna til 1 mill. kr i Hordaland og 4,5 mill. kr i Sogn og Fjordane.

4.4.8 Frukt og bær

Frukt- og bærproduksjon er konsentrert i nokre kommunar i dei to fylka. Verdiskaping frå fruktproduksjon er berekna til 68,2 mill. kr i Hordaland. Marknadsinntektene utgjer 81,9 mill. kr og offentlege tilskot 29,1 mill. kr og arbeidsinnsatsen er berekna til 313 årsverk. 81 prosent av verdiskapinga frå fruktproduksjon i fylket føregår i Ullensvang.

Bærproduksjon er ein liten kultur i Hordaland, verdiskaping frå bær er berekna til 1,5 mill. kr.

I Sogn og Fjordane er verdiskaping frå fruktproduksjon berekna til 27,4 mill. kr. Marknadsinntektene utgjer 32,9 mill. kr og offentlege tilskot 11,7 mill. kr. Arbeidsinnsatsen er berekna til 126 årsverk. Leikanger og Balestrand er dei to kommunane med størst verdiskaping frå fruktproduksjon i fylket.

Det er stor bærproduksjon i Sogn og Fjordane, verdiskaping frå bær er berekna til 19,0 mill. kr, marknadsinntektene er berekna til 22,9 mill. kr og dei offentlege tilskota til 8,1 mill. kr. Arbeidsinnsats i bærproduksjon er berekna til 88 årsverk. Luster og Vik er kommunane med størst verdiskaping frå bærproduksjon.



Figur 4.28 Verdiskaping i frukt- og bærproduksjon, geografisk fordeling Hordaland, mill. kr



Figur 4.29 Verdiskaping i frukt- og bærproduksjon, geografisk fordeling Sogn og Fjordane, mill. kr



Figur 4.30 Verdiskaping i frukt- og bærproduksjon, kommunar med verdiskaping større enn kr 100 000 i Hordaland og Sogn og Fjordane, mill. kr

4.4.9 Veksthus

I nokre bygder på Vestlandet har veksthus vore ei viktig næring gjennom mange år. Det er stort sett dyrking av snittblomar og potteplanter vi finn i Hordaland og Sogn og Fjordane. Det er mest ikkje grønsakdyrking i veksthus i dei to vestlandsfylka. Til saman er det registrert 3 dekar veksthusgrønsaker i 2007. I motsetnad til mykje av landbruket elles, er storparten av veksthusnæringa mindre skjerma for import, og konkurrerer nærmast fritt på verdsmarknaden. Økonomien har variert mellom anna ved svingande energiprisar og tilbod av rimeleg importvare i marknaden. Menge verksemder har falle frå dei siste åra, men framleis er det stor produksjon i enkelte kommunar i Hordaland. I Sogn og Fjordane har veksthusnæringa lite omfang. I veksthusundersøkinga til SSB[11] frå 2006 vart det registrert 120,5 dekar veksthus i Hordaland og 12,4 dekar i Sogn og Fjordane. Brutto om-

[11] http://www.ssb.no/veksthus/tab-2008-05-15-01.html

setnad var kalkulert til 124,3 mill. kr i Hordaland og 5,7 mill. i Sogn og Fjordane. Desse registreringane ligg til grunn for utrekning av verdiskaping i sektoren.

I tillegg til veksthusundersøkinga frå SSB (SSB 2008c) er det nytta kalkylar frå Handbok for driftsplanlegging (NILF), og data for faste kostnader er henta frå Veksthusringen. Den samla verdiskapinga frå veksthusnæringa er rekna ut til 48,2 mill. kr, fordelt på 44,6 mill. i Hordaland og 3,6 mill. i Sogn og Fjordane. Fordeling av verdiskaping i Hordaland er basert på data frå SSB, medan det i Sogn og Fjordane er nytta data frå Statens landbruksforvaltning (SLF). Kommunevis fordeling i Sogn og Fjordane er derfor usikker då ikkje alle veksthus er innrapportert til SLF.

Av kommunane er det Kvam i Hordaland som har høgast verdiskaping med 15,3 mill. kr etterfølgt av Bergen med 8,3 mill. I Sogn og Fjordane er tala usikre. Sogndal har høgast verdiskaping med om lag 1 mill. kr.

Sysselsetjinga i veksthusnæringa er rekna ut til 133 årsverk i Hordaland og 11 årsverk i Sogn og Fjordane.

4.4.10 Pelsdyr

Produksjon av skinn frå pelsdyr er avhengig av tilhøva på verdsmarknaden, og har svinga mykje dei siste tiåra. I periodar, som først på 80-talet, var pelsdyr eit satsingsområde, og mange nye starta opp. Etter nokre år kom krakket, og mange fall frå. Slik har det også vore seinare, med gode og dårlege periodar for næringa. Dei siste åra har vore vanskelege for næringa, med låge prisar spesielt på blårevskinn. I tillegg har det vore sterke åtak på næringa frå dyrevernhald. Trass i dette er det ein del produsentar som driv aktivt. Blårevproduksjonen har gått med tap gjennom fleire år, medan det har vore noko betre for sølvrev og mink.

Det aller meste av skinnproduksjonen i dei to fylka går gjennom Oslo skinnauksjon, og for sesongen 2007/2008 vart det omsett skinn for 16,3 mill. kr i Hordaland og Sogn og Fjordane. Det aller meste er i Sogn og Fjordane med 12,7 mill. kr. Verdiskapinga av pelsdyrnæringa i dei to vestlandsfylka er utrekna til 3,6 mill. kr, fordelt på 2,9 mill. i Sogn og Fjordane og 0,7 mill. i Hordaland. Av kommunane er det Gloppen som merkjer seg ut med vel halvparten av verdiskapinga i Sogn og Fjordane. Lærdal og Kvam er to andre kommunane med noko omfang. Elles finn ein noko produksjon i mange andre kommunar, men omfanget er lite. Sysselsetjinga i næringa er rekna ut til 59 årsverk[12] totalt for begge fylka. Av desse er 48 i Sogn og Fjordane, og Gloppen åleine har 19 av desse årsverka.

4.4.11 Birøkt

Det finst mellom 2 500 og 3 000 bikubar i Hordaland og mellom 750 og 1 000 kubar i Sogn og Fjordane (Norsk Birøkterlag). Vi har ikkje hatt tilgang til data på kommunenivå, så verdiskapinga vert presentert på fylkesnivå. Dessutan har enkelte birøktarar kubar i fleire kommunar. Mange flyttar også kubane mellom kommunar i løpet av året.

I snitt vert det produsert 25 kg honning per kube i Hordaland og 27 kg per kube i nabofylket. Litt under halve mengda vert levert til Honningcentralen, resten vert seld privat av røktarane. Prisnivået på honning levert til Honningcentralen var kr 36 per kg i 2007, medan ein i snitt oppnådde kr 100 per kg ved privat omsetning av honningen.

Det vart produsert om lag 69 tonn honning i Hordaland til ein omsetningsverdi på 4,6 mill. kr i 2007. Tilsvarande tal for Sogn og Fjordane var 24 tonn og 1,9 mill. kr. Verdiskapinga for birøkt i dei to fylka er utrekna til høvesvis 2,6 og 1,2 mill. kr. I tillegg til honningproduksjon har birøkt ei viktig oppgåve med pollinering innan fruktnæringa. På landsbasis vert det rekna med at verdiskapinga for pollinering langt overstig verdien

[12] Hovland, I.: Pelsdyrholdet i Norge – utvalgte emner. NILF-notat 2008:18.

av honningproduksjonen (Norges Birøkterlag). Denne verdien er vanskeleg å fastslå for våre to fylke. Meirproduksjonen for fruktdyrkarane kjem fram som verdiskaping i frukt. Inntekter frå utleige av kubar er kalkulert til kr 315 000. Verdiskapinga er utrekna til kr 166 000, og er med i nettoproduktet for dei to fylka.

Sysselsetjinga i birøkt er utrekna til 10 årsverk i Hordaland og 3 årsverk i Sogn og Fjordane.

4.5 Verdiskaping i jordbruket i forhold til tal innbyggjarar

Dersom ein ser verdiskaping i jordbruket i forhold til tal innbyggjarar i kommunen, gjev det eit uttrykk for kor viktig jordbruksnæringa er for kommunen.

I Hordaland er det Ullensvang som har høgast verdiskaping i jordbruket per innbyggjar. Kommunen ligg i gruppa mellom kr 15 000 og kr 20 000 per innbyggjar. Kommunen er ein typisk distriktskommune og har allsidig jordbruk med noko husdyrhald, Kommunen er likevel mest kjend for omfattande fruktdyrking. Kommunen har ingen store sentra eller hjørnesteinsverksemder. Deretter følgjer Etne og Voss. Dette er jordbrukskommunar med allsidig husdyrhald og stor vekt på mjølkeproduksjon. I Hordaland er det kommunane i midtre og indre deler av fylket som har høgast verdiskaping i jordbruket per innbyggjar. Alle kommunane i og rundt Bergen har ei verdiskaping i jordbruket per innbyggjar mindre enn kr 1 000 per innbyggjar. Det same gjeld for industrikommunen Stord og fiskerikommunen Fedje. I desse kystkommunane betyr jordbruket mindre, og dette ser vi att i trendar for utviklinga i jordbruket med nedgang i jordbruksareal og husdyrhald.

I Sogn og Fjordane er det ingen kommunar i gruppa med verdiskaping per innbyggjar over kr 15 000. I gruppa mellom kr 10 000 og kr 15 000 finn vi Vik, Gaular, Jølster, Gloppen og Hornindal. Felles for desse kommunane er at dei ligg i midtre strøk, har allsidig husdyrhald og stor jordbruksproduksjon i høve til folketalet. I Sogn og Fjordane er det berre to kommunar som under kr 1 000 i verdiskaping i jordbruket per innbyggjar. Det er industrikommunen Årdal og fiskerikommunen Vågsøy. I fylket er det langt fleire av kystkommunane der jordbruket betyr meir enn i Hordaland. Kommunar som Gulen, Hyllestad og Askvoll ligg i gruppa mellom kr 5 000 og kr 10 000 per innbyggjar. Det same gjeld for kommunane i indre strøk med unnatak av Årdal.



Figur 4.31 Verdiskaping jordbruk per innbyggjar i kommunen, Hordaland, kr



Figur 4.32 Verdiskaping jordbruk per innbyggjar i kommunen, Sogn og Fjordane, kr

4.6 Sysselsetting i jordbruket

I modellen for berekning av verdiskaping er det lagt inn arbeidsforbruk for dei ulike produksjonane. Modellen kan derfor også seie noko om sysselsettingen i jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane. Tal frå modellen viser at det til saman er arbeidd om lag 12,5 mill. timar i jordbruket i dei to fylka. Dette tilsvarar 6 780 årsverk á 1 845 timar. Sogn og Fjordane har høgast sysselsetting i jordbruket med om lag 6,6 mill. timar eller 3 569 årsverk, medan sysselsettinga i Hordaland er berekna til 5,9 mill. timar eller 3 211 årsverk.

I figurane under er kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane rangerte etter tal årsverk i jordbruket.[13] I Hordaland er det Voss som har flest årsverk med 453, etterfølgt av Ullensvang og Kvinnherad med høvesvis 318 og 315 årsverk. Desse tre kommunane står for til saman over 1/3 av dei totale årsverka i jordbruket i Hordaland. Nedst finn ein Fedje med to årsverk, Sund med 10 årsverk og Samnanger med 13 årsverk. I Hordaland er det gjennomsnittlig for dei 33 kommunane utført 97 årsverk i jordbruket, og det er berre ti kommunar som har fleire enn 100 årsverk i jordbruket.

I Sogn og Fjordane er det Gloppen som har høgast sysselsetting i jordbruket med 392 årsverk, etterfølgt av Stryn og Luster med høvesvis 337 og 280 årsverk. I den andre enden av skalaen finn ein Årdal med åtte årsverk, Vågsøy med 25 årsverk og Solund med 25 årsverk. I Sogn og Fjordane vert det i gjennomsnitt for dei 26 kommunane utført 137 årsverk i jordbruket. Dette er mykje høgare enn i Hordaland og skuldast både at det er fleire einingar i fylket og at det er færre kommunar. Ein ser også ein tendens til at tal årsverk er meir jamt fordelt mellom kommunane i Sogn og Fjordane enn i Hordaland. Dette kan ein sjå ut frå figurane under.



Figur 4.33 Sysselsetting i jordbruket, geografisk fordeling, Hordaland, årsverk

[13] Birøkt er berre med i tallene for fylka.



Figur 4.34 Sysselsetting i jordbruket, geografisk fordeling, Sogn og Fjordane, årsverk



Figur 4.35 Sysselsetting i jordbruket, kommunar i Hordaland, årsverk



Figur 4.36 Sysselsetting i jordbruket, kommunar i Sogn og Fjordane, årsverk

4.7 Skogbruk

4.7.1 Verdiskaping

Skogbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane er prega av gardsskogbruk der dei fleste gardsbruk har ein eller fleire tilhøyrande skogteigar. Produktivt skogareal per driftseining i jordbruket var 308 dekar i Hordaland og 341 dekar i Sogn og Fjordane (Driftsgranskingane, 2007).

Avvirking i skogbruket svingar ein god del mellom år, og 2007 var eit godt år for skogbruket med tanke på prisnivå og marknadsforhold. Det vart avvirka 48 252 m^3 i Sogn og Fjordane og 77 299 m^3 i Hordaland (Skogeigarlaga). For Sogn og Fjordane låg

avvirkingsnivået på 83 prosent av middelet for siste tiåret medan det for Hordaland var 146 prosent av middelet (SSB[14]).

I dei første ti-åra etter krigen vart det planta store mengder gran, og mykje av dette tek no til å verte hogstmodent. Det er derfor grunn til å tru at avvirking og verdiskaping frå skogbruket vil auke vesentleg i dei to fylka i det kommande tiåret dersom det vert rimelege marknadsforhold.

Utrekninga av nettoprodukt er gjort på grunnlag av ulike kjelder. Avvirking av tømmer til sagbruk og industri er henta frå skogstatistikk hos skogeigarlaga i dei to fylka. Det same gjeld verdi av brutto omsetnad. Det aller meste av virket vert i dag teke ut av skogsentreprenørar, og det er derfor rekna entreprise på alt virkesuttaket. Nesheim Skogsmaskiner A/S på Utne oppgjev pris på uttak av virke i dei to fylka mellom kr 130 og kr 160 per m^3. Det er derfor nytta kr 145 i gjennomsnitt for alt uttak av skogsvirke. Ein tredel av denne kostnaden er oppgitt til å vere lønnskostnader.

Uttak av virke til privat bruk og virke til ved er vanskeleg å kalkulere. Mykje vert tatt ut til privat bruk og ikkje registrert. Fram til og med 2005 hadde SSB[15] statistikk på uttak av ved basert på skjønn for kvar kommune. Vi har valt å bruke data frå 2005 frå SSB då dette er funne å vere den beste kjelda for å gjere eit overslag for uttak av ved i fastkubikkmeter. Data for uttak av ved vil uansett vere usikkert. I denne verdiskapingsutrekninga er det berre verdi av ved fram til rundstokk som er rekna under skogbruket. Vidareforedling av rundstokk til ved er tatt med under tilleggsnæringar. Det same gjeld juletre og pyntegrønt, jakt og fiske og andre tenester knytt til skogen. Eventuell auke i ståande kubikkmasse (nettotilvekst) er ikkje teke omsyn til i denne utrekninga.

I tillegg til kostnader ved uttak av skogsvirke er det trekt frå nettokostnader til skogkultur og kostnader til veg. For å rekne ut kostnad til skogkultur er det nytta tal frå Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Kostnader til veg er rekna ut frå total veglengde i kvar kommune. Det er rekna ein vedlikehaldskostnad på kr 5 per meter og år. Arbeidskostnadane er trekte frå.

Verdiskaping innan primærskogbruket er utrekna til 11,9 mill. kr for Sogn og Fjordane og 20,5 mill. kr for Hordaland. Av kommunane er det Kvinnherad som har høgast verdiskaping innan primærskogbruket med 2,7 mill. kr, følgt av Voss og Ulvik i Hordaland med høvesvis 2,3 og 2,2 mill. kr. I Sogn og Fjordane er Stryn med 2,6 og Høyanger med 1,7 mill. kr som har den høgaste verdiskapinga innan primærskogbruket.

Verdiskaping i andre sektorar med basis i råvarer frå skogbruket som til dømes treforedling, transport etc., er ikkje med i denne utgreiinga.

4.7.2 Sysselsetting i skogbruket

Hogstmaskinene er effektive, og tek store mengder tømmer fram til velteplass på kort tid. Vi har rekna med at ein person klarer 10 m^3 i timen. På grunnlag av at hogstmaskinene i dag tek ut over 90 prosent av volumet, har vi rekna same timebruk på all hogst av skogsvirke utanom ved. For ved er det rekna uttak på tradisjonell måte med motorsag, traktor og vinsj. Det er då føresett uttak av rundstokk fram til velteplass med 5,5 m^3 per dag à 7 timar (0,79 m^3 i timen). Arbeid med skogplanting er rekna til 1,39 timar per dekar. For andre delar skogkultur er det rekna at 90 prosent av kostnaden er arbeidskostnader. Ein tredel av vegvedlikehald er rekna som arbeidskostnad. Timebruk til skogkultur og vegar er samla arbeidskostnad og ein timepris på kr 150.

---

14 http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?Productid=10.04&PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/MenuSelP.asp&SubjectCode=10

15 http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?Productid=10.04&PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/MenuSelP.asp&SubjectCode=10

Sysselsetting i samband med foredling av virke på bruket til dømes til ved er rekna som tilleggsnæring. Det same gjeld juletre, pyntegrønt, jakt og fiske og turisme basert på skogressursane.

Samla sysselsetjing i primærskogbruket med bakgrunn i dei gjevne føresetnadene vert 35,4 årsverk i Hordaland og 20,6 årsverk i Sogn og Fjordane. I Hordaland er det 12 kommunar som har meir enn eit årsverk i primærskogbruket, medan det i Sogn og fjordane berre er fire kommunar som har meir enn eit årsverk.

Stryn har størst sysselsetting i primærskogbruket i Sogn og Fjordane med 5,2 årsverk følgt av Gloppen med 2,1 årsverk. Solund hadde ikkje nokon årsverk i 2007, og Selje hadde berre 0,01 årsverk i primærskogbruket i 2007. I Hordaland har Kvinnherad størst sysselsetting med 5,2 årsverk, deretter følgjer Voss med 4,5 årsverk. Øygarden har ikkje nokon årsverk i primærskogbruket, og Sund og Austrheim stod berre for til saman 0,03 årsverk.



Figur 4.37 Sysselsetting i skogbruket, kommunar i Sogn og Fjordane, årsverk.



Figur 4.38 Sysselsetting i skogbruket, kommunar i Hordaland, årsverk.

4.8 Samanlikning med andre undersøkingar

I nasjonalrekneskapen er bruttoprodukt nytta som mål på verdiskaping medan vi i denne undersøkinga har nytta nettoprodukt (faktorinntekt). Bruttoprodukt er bruttoinntekt minus vareinnsats. Produktsubsidiar er inkluderte.

Nettoprodukt er her definert som bruttoinntekt inkl. alle subsidiar minus alle kostnader så nær som leigd arbeid, jordleige og renter. Nettoproduktet er derfor ein rest til arbeidsinntekt og forrenting.

I fylkesfordelt nasjonalrekneskap for 2006 (SSB[16]) er bruttoprodukt for jordbruk og skogbruk samla oppgjeve til 603 mill. kr i Hordaland og 617 mill. kr i Sogn og Fjordane. Til samanlikning er nettoproduktet for dei to fylka i denne undersøkinga rekna ut til høvesvis 583 mill. kr og 618 mill. kr. Skilnadene er relativt små og kan forklarast ut frå ulik metode og definisjon.

Tabell 4.2 viser sysselsetting i ulike driftsgreiner i landbruket oppgjeve i tal årsverk a 1 845 timar. Vi ser at det er skilnader mellom tala frå SSB og NILF i sysselsetting i jordbruket . Årsaka er ulikt metodeval. NILF har nytta registrerte arbeidstimar frå ulike produksjonar i driftsgranskingane. Utvalet dekker om lag 70 prosent av produsentane med yrkesmessig drift. SSB har nytta spørjeundersøking til eit utval frå alle jordbruksbedrifter og spurt om arbeidstimar i ein 12-månaders periode for kvar driftsgrein. SSB har derfor med fleire små driftseiningar, og desse har ofte større arbeidsforbruk per produsert eining enn det større driftseiningar har.

Tabell 4.2 Sysselsetting i dei ulike driftsgreinene i landbruket. Samanlikning mellom landbruksundersøkinga til SSB[17] 2007 og verdiskaping NILF

	Hordaland		Sogn og Fjordane	
	SSB	NILF	SSB	NILF
Jordbruk	3 934	3 211	4 629	3 569
Skogbruk	111	35	115	21
Tilleggsnæring	221	269	229	294
Sum	4 266	3 515	4 973	3 884

Også for skogbruket er det stor skilnad mellom undersøkingane. Årsaka ligg hovudsakleg i definisjonen av skogbruk. I denne undersøkinga er det berre råproduksjon av tømmer som er definert som skogbruk. Det vil seie at felling av tre og kjøring fram til velteplass er rekna som skogbruk.. Det er også rekna at alt tømmer er tatt ut med hogstmaskin og at all ved er tatt ut med motorsag og vinsj. Dersom vi hadde korrigert for at 10 prosent av tømmeret vart tatt ut manuelt, aukar tal årsverk med 5 i Hordaland og 3 i Sogn og Fjordane. Bearbeiding av ved, juletre- og pyntegrøntproduksjon, jakt og fiske og tenesteyting tilknytt skog er rekna som tilleggsnæring i vår gransking og som skogbruk av SSB. Vi har mellom anna derfor noko høgare sysselsetting enn landbruksundersøkinga i tilleggsnæring (SSB 2007). Tilleggsnæring er nærare omtalt i kapittel 5.

16 http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selectvarval/define.asp&Tabellid=05559

17 http://www.ssb.no/emner/10/04/10/lu/tab-2009-02-17-01.html

5 Tilleggsnæring

I dei seinare åra har det vore satsa mykje på tilleggsnæringar i landbruket. Det har vore lagt vekt på å nytte ut alle ressursane på gardsbruket i næringssamanheng. Bygdeutviklingsmidlar har vore eit viktig verktøy i arbeidet med å leggje til rette for nye næringar knytt til norske gardsbruk. Det har mellom anna vore satsa på landbruksbasert reiseliv og foredling av råvarene som vert produsert lokalt slik at ein større del av verdiskapinga vert verande på bruket. I denne utgreiinga er det lagt vekt på tilleggsnæring i tydinga tillegg til tradisjonell gardsdrift. Som kjelde er driftsgranskingane, det vil seie gardsbruk med eit omfang av jordbruksproduksjon av yrkesmessig karakter, nytta. For å ha stort nok datamateriale, har vi nytta data frå Vestlandet, det vil seie Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I tillegg er det nytta upubliserte data frå SSB.

5.1 Metode

«Tilleggsnæring vert definert som næringsverksemd utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, med basis i ressursane på bruket. Det gjeld innsats av areal, bygningar, maskinar etc., men inkluderer ikkje personressursar eller kompetanse.» Dette er definisjonen av tilleggsnæring i driftsgranskingane til NILF.

For at vi skal definere aktiviteten til ei næring, er det i driftsgranskingane sett nokre krav til omfang på aktiviteten. Ein må ha minst kr 20 000 i omsetning, eller eigedelar i verksemda må ha verdi på minst kr 100 000, eller familien må utføre minst 200 timar i verksemda. Likevel vert all tilleggsnæring registrert, og resultata inngår i totalmaterialet for granskingane. I denne presentasjonen er alle observasjonar på tilleggsnæringar med i grunnlagsmaterialet, uavhengig av omfang. Økonomien i dei ulike driftsgreinene ligg til grunn for utrekning av verdiskaping i tilleggsnæring.

I driftsgranskingane fordeler NILF tilleggsnæring på ei rekkje ulike driftsgreiner. I 2007 vart i alt 84 ulike aktivitetar registrert i driftsgranskingane. Dette vart i neste omgang samla i sju hovudgrupper av aktivitetar, utleige, leigekjøring, foredling av mat, foredling av skog, utmarksnæring, reiseliv og annan tenesteyting.

Statistisk sentralbyrå samlar inn data frå tilleggsnæring i landbruksundersøkingane. Dei har ei rekkje kategoriar av aktivitetar på skjemaet for innsamling av landbruksdata. Berre nokre få grupper har nok observasjonar til å bli publiserte. For å kunne nytte SSB-data og gruppere dei slik at dei samsvarar med inndeling i driftsgranskingane, har vi hatt tilgang til upubliserte bakgrunnsdata frå SSB.

I landbruksundersøkinga for 2007 er det oppgitt at 31 prosent av bruka i Hordaland og 36 prosent av bruka i Sogn og Fjordane har tilleggsnæring (SSB[18]). I driftsgranskingane er tilsvarande tal 50 prosent for Hordaland og 45 prosent for Sogn og Fjordane. Årsaka til skilnaden kan vere både noko ulik definisjon av tilleggsnæring og metode som vert nytta i innsamling av data. Landbruksundersøkinga til SSB omfattar langt fleire bruk, så vi har valt å nytte fordeling av tilleggsnæring mellom vestlandsfylka frå denne undersøkinga, medan vi har nytta økonomisk resultat og omfang av næringane frå driftsgranskingane.

Resultata for verdiskaping og sysselsetting i tilleggsnæring vil vere usikre på grunn av få observasjonar og svært få og lite detaljerte datakjelder. Likevel vil dei kunne gje

[18] http://www.ssb.no/emner/10/04/10/lu/tab-2009-02-17-04.html

ein peikepinn på omfang og utbreiing av ulike tilleggsnæringar i vestlandsfylka og korleis utviklinga har vore dei siste åra.

5.2 Tal jordbruksbedrifter med tilleggsnæring

For å kartlegge omfang og verdiskaping i tilleggsnæringar i Hordaland og Sogn og Fjordane, er det nytta data frå Driftsgranskingar i jord- og skogbruk 2007. Ei svak side ved å nytte driftsgranskingane er at driftseiningane ikkje er plukka ut med tanke på tilleggsnæring. Dessutan er det krav til eit visst omfang av jordbruksaktivitet (standard dekningsbidrag større enn ca. kr 80 000). Dette medfører at tilleggsnæring på mindre einingar ikkje er med i utvalet. Dessutan er det ein tendens til at dei som lukkast med ei ny næring på bruket, trappar ned jordbruksverksemda slik at dei fell utanfor utvalet til driftsgranskingane. Styrken ved å bruke driftsgranskingane er at det er føreteke omfattande registrering av omfang, økonomi og arbeidsforbruk. Dessutan vil granskingane også vere det beste grunnlaget i høve til definisjonen, ei næring i tillegg til jordbruket med basis i landbruksressursane. Når tilleggsnæringa er blitt hovudnæring, vil dette vere anna bygdenæring og ikkje tillegg til jordbruksdrift. Det finst ingen andre gode datakjelder for å kunne vurdere verdiskaping i tilleggsnæring i dei to fylka. I denne undersøkinga har vi lagt til grunn at fordelinga av tilleggsnæring er lik for den gruppa som utgjer populasjonen for driftsgranskingane (70 % av bruka) og den gruppa av bruk som har for lite produksjon til å delta i driftsgranskingane. Undersøkingar av tilleggsnæring i denne gruppa av mindre produsentar viser sprikande resultat (Sjelmo m.fl. 2006, Knutsen m.fl. 2008).

For å fordele verdiskapinga mellom dei to vestlandsfylka, er det nytta data frå landbruksundersøkingane til Statistisk sentralbyrå. Verdiskapinga mellom fylka er fordelt etter tal observasjonar i dei ulike driftsgreinene.

På landsbasis var det i 2007 med 902 jordbruksbedrifter (bruk) i driftsgranskingane. Av desse var det 459 bruk som har registrert ei eller fleire typar tilleggsnæring, det vil seie 51 prosent av bruka. I Hordaland er det 27 av 54 bruk med tilleggsnæring (50 %), medan det i Sogn og Fjordane er 25 av 55 bruk (45 %). Ifølgje SSB er det høvesvis 32 prosent og 37 prosent av bruka i dei to fylka som har tilleggsnæring. Grunnen til skilnaden mellom dei to datakjeldene er truleg val av metode.

I følgje Statens landbruksforvaltning (SLF) vart det i 2007 gitt produksjonstilskot til 3 307 bruk i Hordaland og 3 480 bruk i Sogn og Fjordane. I produksjonstilskotsregisteret til SLF er det ikkje oversikt over kor mange bruk som har tilleggsnæring.

5.3 Verdiskaping i tilleggsnæring på Vestlandet

Tabell 5.1 og tabell 5.2 viser verdiskaping for tilleggsnæring i Hordaland og Sogn og Fjordane fordelt på ulike driftsgreiner. Samla verdiskaping for desse fylka er utrekna til 178 mill. kr fordelt på 6 787 bruk. Ein ser at gjennomsnittleg verdiskaping per bruk er omlag den same i Hordaland og i Sogn og Fjordane. Verdiskaping i tilleggsnæring er i Hordaland utrekna til 87,8 mill. kr og 90,4 mill. kr i Sogn og Fjordane.

I begge fylke er leigekøyring mest utbreidde tilleggsnæringa. Det inkluderer rundballepakking, brøyting og anna leigekøyring. Noko av dette, t.d. rundballepressing, er i prinsipp rekna som kostnad ved utrekning av verdiskaping i jordbruket. Deretter følgjer ulike former for landbruksbasert reiseliv og utleige av areal og bygningar. I dei aller fleste tilfelle dreier det seg om utleige av bustadhus. Utmarksnæringar har større verdiskaping i Sogn og Fjordane enn i Hordaland, medan det er motsett for utleige og leigekjøring.

Tabell 5.1 Verdiskaping tilleggsnæring i Hordaland fordelt på driftsgreiner

	Tal observasjonar tilleggsnæring	Verdiskaping pr bruk	Verdiskaping i alt
Utleige	726	6 482	21 434 623
Leigekjøring	1 966	10 095	33 384 095
Foredling av mat	329	2 181	7 211 508
Foredling av skog	491	598	1 979 031
Utmarksnæring	76	756	2 500 128
Turisme	336	5 741	18 987 018
Anna tenesteyting	131	695	2 297 030
Sum	4 055	26 548	87 793 435

Tabell 5.2 Verdiskaping i Sogn og Fjordane fordelt på driftsgrein

	Tal observasjonar tilleggsnæring	Verdiskaping pr bruk	Verdiskaping i alt
Utleige	450	3 696	12 860 774
Leigekjøring	1 784	8 425	29 320 638
Foredling av mat	345	2 103	7 319 143
Foredling av skog	650	730	2 538 757
Utmarksnæring	264	2 415	8 403 208
Turisme	510	8 009	27 871 969
Anna tenesteyting	121	590	2 051 546
Sum	4 125	25 967	90 366 035

5.4 Sysselsetting i tilleggsnæring

Tabell 5.3 viser sysselsetting i tilleggsnæring i Hordaland fordelt på driftsgrein. I Hordaland står tilleggsnæring for 269 årsverk i 2007. Størst sysselsetting finn vi i leigekjøring med 36 prosent, deretter turisme med 27 prosent og foredling av mat med 23 prosent. Det er stor skilnad på ulike driftsgreiner med tanke på sysselsetting. Medan utleige står for 23 prosent av verdiskapinga, er berre 4 prosent av sysselsettinga knytt til utleige. Når det gjeld foredling av mat, er 23 prosent av sysselsettinga knytt til driftsgreina, medan berre 8 prosent av verdiskapinga kjem frå matforedling.

Tabell 5.3 Sysselsetting i tilleggsnæring i Hordaland, årsverk

	Hordaland		
	2005	2006	2007
Utleige	26	20	18
Leigekjøring	106	76	95
Foredling mat	29	44	61
Foredling skog	8	20	12
Utmark	1	2	3
Turisme	54	67	73
Anna tenesteyting	12	14	6
Sum	237	243	269

Tabell 5.4 viser sysselsetting i Sogn og Fjordane. Her finn vi høgast i sysselsetting i turisme med 36 prosent av årsverka innan tilleggsnæring. Deretter følgjer leigekjøring og foredling av mat med høvesvis 28 prosent og 21 prosent. Samla sysselsetting innan tilleggsnæring er utrekna til 294 årsverk for Sogn og Fjordane i 2007.

Tabell 5.4 Sysselsetting i tilleggsnæring i Sogn og Fjordane, årsverk

	Sogn og Fjordane		
	2005	2006	2007
Utleige	16	12	11
Leigekjøring	93	67	84
Foredling mat	30	44	62
Foredling skog	11	26	15
Utmark	3	6	10
Turisme	80	99	107
Anna tenesteyting	11	14	6
Sum	243	267	294

5.5 Utvikling av tilleggsnæring på Vestlandet

Tabell 5.3 og tabell 5.4 viser endring i tal årsverk for tilleggsnæring i Hordaland og Sogn og Fjordane frå 2005 til 2007. Det har vore ein auke i tal årsverk på 14 prosent for Hordaland og 21 prosent for Sogn og Fjordane. Det er særleg innan foredling av mat og landbruksbasert reiseliv at vi finn auke i sysselsetting i dei to fylka. Variasjonen av aktivitetar innafor turisme er stor. Gruppa omfattar alle typar reiselivstenester som overnatting, servering, gaiding med meir. I tillegg til reiseliv viser foredling av mat ein stor auke i begge fylka. Eit synleg resultat av dette er den store samlinga av utbydarar frå fylka under Bergen matfestival (Bønder i byd'n) og Bondens marknad. Omfang av leigekjøring er høgt i begge fylka trass i ein liten nedgang frå 2005. Leigekjøring er enkelt å kombinere med gardsdrift, og mange stader i dei to fylka er det stor etterspurnad etter den type tenester.

For å sjå på utvikling av tilleggsnæring over lengre tid, har vi nytta ein annan samansetning av driftsgreiner enn den som er nytta i berekningane av verdiskaping og sysselsetting. Denne vart nytta i driftsgranskingane frå 1997 til 2005, dessutan er data ajourførde fram til og med 2007. Her er ikkje data splitta på fylke då datamaterialet vert for lite. Det er derfor nytta tal for Vestlandet, det vil seie Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Figur 5.1 viser at tilleggsnæring har auka i omfang blant bruka som deltar i driftsgranskingane. I 2000 hadde om lag 33 prosent av bruka på Vestlandet ei eller anna tilleggsnæring av eit visst omfang (sjå definisjonen). I 2007 hadde 51 prosent av alle bruka på Vestlandet tilleggsnæring.



Figur 5.1 Utvikling av prosentdel bruk med tilleggsnæring på Vestlandet, 2000-2007 (Driftsgranskingane)

Figur 5.2 viser utviklinga i tal bruk med ulike driftsgreiner på Vestlandet frå 2000 til 2007. Av figuren går det fram at tal bruk med vareproduksjon (foredling av mat og trevirke) har hatt sterk auke sidan tusenårsskiftet. Det har også vore ein stor auke tal bruk med utleigehus og ulike kombinasjonar av tilleggsnæringar. Turisme har auka i perioden, men det er få observasjonar i denne gruppa.



Figur 5.2 Tal bruk med ulike driftsgreiner innan tilleggsnæring, Vestlandet 2000–2007

Økonomien i ulike former for næringsaktivitet er sjølvsagt viktig for at ein skal lukkast i ei ny næring. Ny næringsverksemd medfører ofte tunge investeringar, mykje arbeid og relativt svakt resultat i starten. Her er det også stor skilnad mellom ulike driftsgreiner. Foredling av ressursane på bruket for å ta vare på større del av verdiskapinga, krev ofte mykje investeringar, medan leigekjøring med utstyr som alt finst på garden, er enklare å få god økonomi i raskt.

Figur 5.3 viser at det største bidraget til økonomien frå tilleggsnæring finn ein innan turisme. Overskot frå turisme har auka frå kr 40 000 i snitt i 2002 til over kr 100 000 i 2007. Bidrag frå leigekjøring har variert mellom kr 40 000 og kr 80 000 i snitt i perioden. Figuren viser at overskotet frå dei ulike tileggsnæringane varierer mellom år. Generelt kan ein seie at lønsemda er best innan tenesteyting og noko svakare innan vareproduksjon. For mange vestlandsbruk er bidraget frå tilleggsnæring ein viktig del av totaløkonomien på bruket. Omfanget er aukande, og variasjonen av aktivitetar er stor.



Figur 5.3 Driftsoverskot i snitt per bruk ved ulike tilleggsnæringar, Vestlandet 2002–2007

6 Skatt og privat konsum

6.1 Privatforbruk

I driftsgranskingane vert nettoinntekta til brukarfamilien registrert. Nettoinntekt er definert som samla arbeidsvederlag og forrenting som familien oppnår, etter frådrag av betalte gjeldsrenter og kår. I gjennomsnitt for Vestlandet var nettoinntekta kr 582 600 for rekneskapsåret 2007. Trekkjer ein frå betalt skatt og sparing og korrigerer for eventuelle verdireguleringspostar[19] kjem ein fram til privatforbruket til brukarfamilien. Privatforbruket frå brukarfamiliane er eit uttrykk for kjøpekraft frå jordbruksbefolkninga.

Resultata frå driftsgranskingane viser at privatforbruket varierer noko mellom ulike regionar, men er relativt stabilt for ulike storleiksgrupper innan regionen. Ser ein på ulike produksjonar varierer privatforbruket meir enn for ulike storleiksgrupper. På Vestlandet er det bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald som har høgast registrert privatforbruk, men det er relativt få bruk med denne kombinasjonen som er med i driftsgranskingane. For alle bruka frå Vestlandet som var med i driftsgranskingane i 2007, var gjennomsnittleg privatforbruk for brukarfamilien kr 367 800. Tabell 6.1 viser privatforbruk for ulike storleiksgrupper og produksjonar for driftsgranskingsbruka på Vestlandet for 2007.

Tabell 6.1 Privatforbruk for ulike storleiksgrupper og produksjonar, Vestlandet

Storleiksgrupper, dekar	Privatforbruk, 1000 kr
0-49,9	348
50-99,9	328
100-199,9	383
200-299,9	347
300-499,9	398
Produksjonar	
Mjølk og storfekjøt	371
Mjølk og svinehald	466
Sauehald	374
Mjølk og sauehald	317
Frukt og bær	355
Alle	368

Kjelde: NILF

Sjølv om resultata frå driftsgranskingane viser noko skilnad i privatforbruk mellom ulike driftsformer, ligg dei to viktigaste driftsformene på Vestlandet, mjølkeproduksjon og sauehald tett opp til gjennomsnittet. Vi har derfor valt å nytte gjennomsnittleg privatforbruk frå driftsgranskingsbruka på Vestlandet for å finne eit uttrykk for kjøpekrafta til familiane.

[19] Verdireguleringspostar kan til dømes vere barnetrygd, arv, arveavgift, gåver, premiar m.m.

Modellen for berekning av verdiskaping frå jordbruket, hentar mengdedata frå produksjonstilskotsregisteret til SLF og økonomiske data frå bruk i driftsgranskingane. I gjennomsnitt er bruka i driftsgranskingane noko større enn gjennomsnittet i populasjonen. Privatforbruket vert rekna per eining. Ein kan derfor ikkje nytte verdiskapingsmodellen for å finne fram til totalt privatforbruk frå jordbruksfamiliane. I staden er totalt tal søkjarar i kvar kommune nytta ved berekning av kjøpekraft (privatforbruk).

Totalt privatforbruk frå jordbruksfamiliane i Hordaland er berekna til kr 1,24 mrd. og for Sogn og Fjordane til kr 1,27 mrd. I følgje nasjonalrekneskapen (SSB 2009b) er samla hushaldskonsum kr 82,8 mrd. for Hordland og kr 17,8 mrd. for Sogn og Fjordane. Etter våre berekningar utgjer samla forbruk frå jordbruksfamiliane ca. 2 prosent av hushaldskonsumet i Hordaland og ca. 7 prosent i Sogn og Fjordane. Ein må vere merksam på at privatforbruk hos NILF og hushaldskonsum hos SSB er noko ulikt definert[20]. Skilnaden mellom dei to omgrepa er likevel ikkje større enn at samanlikninga gir eit godt bilete på kor stor del av konsumet som kjem frå jordbruksfamiliane.

Figur 6.1 og figur 6.2 viser privatforbruk frå jordbruksfamiliane på kommunenivå for høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane.

[20] Hushaldskonsum er hos SSB definert som hushaldets utgifter til konsum, dvs. til kjøp av varer og tenester for konsumformål. Investeringar i til dømes bustad og bil vert rekna som investering, og er ikkje med i hushaldskonsumet. Investeringar i bustad og bil inngår heller ikkje i NILF sin definisjon av privatforbruk, men årlege avskrivingar vert rekna som ein del av privatforbruket.



Figur 6.1 Privatforbruk frå jordbrukshushald, Hordaland, mill. kr



Figur 6.2 Privatforbruk frå jordbrukshushald, Sogn og Fjordane, mill. kr

6.2 Skatteinngang til kommunane

Ei spesialkjøring frå SSB viser at for jordbruksbedrifter med personleg eigar i Hordaland[21], har eigar og ektefelle innbetalt til saman 159,3 mill. kr i inntekts- og formueskatt til kommunen. For Sogn og Fjordane var tilsvarande tal 146,2 mill. kr i 2007.

For Hordaland utgjer dette ca. 1,7 prosent av totalt innbetalt skatt til kommunane (for Hordland utanom Bergen ca. 3,7 %) og for Sogn og Fjordane ca. 7,3 prosent. For kommunane Modalen og Fedje føreligg det ikkje statistikk over innbetalt skatt frå eigar og ektefelle/ sambuar fordi det er for få einingar i kommunane til at SSB kan offentleggjere statistikken. Figur 6.3 og figur 6.4 viser totalt innbetalt skatt frå eigarar (av jordbruksføretak med personleg eigar) og ektefelle/sambuar, og kor stor del dette utgjer av samla ordinær skatteinngang til kommunane i dei to fylka.

[21] Modalen og Fedje er ikkje med i talmaterialet grunna for få registreringar til at statistikken kan offentleggjerast



Figur 6.3 Inntekts- og formueskatt frå eigar av landbruksføretak med personleg eigar, og ektefelle/sambuar i % av total skatteinngang til kommunen, Hordaland, 2007. Tal i parentes etter kommunenamn er totalt innbetalt inntekts- og formueskatt til kommunen frå eigar og ektefelle/sambuar

Kjelde: SSB (2008b) og SSB upubl.



Figur 6.4 Inntekts- og formueskatt frå eigar av landbruksføretak med personleg eigar, og ektefelle/sambuar i % av total skatteinngang til kommunen, Sogn og Fjordane, 2007. Tal i parentes etter kommunenamn er totalt innbetalt inntekts- og formueskatt til kommunen frå eigar og ektefelle/sambuar

Kjelde: SSB (2008b) og SSB upubl.

7 Ringverknader og fellesgode

7.1 Ringverknader

I tillegg til verdiskaping og sysselsetting i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar, kjem ringverknader av næringsaktivitet i landbruket for andre næringar. Det kan vere transport av varer til og frå jordbruksbedrifter, foredling av jordbruksråvarer og sal av tenester etc.

Eit uttrykk for ringverknadene for ein sektor kan ein få ved å rekne ut multiplikatorar (Romarheim 2003). Sysselsettingsmultiplikatoren for ein basisproduksjon måler endringa i total sysselsetting i eit område som følgjer av at ein endrar sysselsettinga i basisproduksjon med ei eining.

Inntektsmultiplikatoren for ein basisproduksjon måler endringa i total inntekt i eit område som følgjer når ein endrar inntekta til basisproduksjonen med ei eining. Ein metode for utrekning av multiplikatorar er å gjennomføre ein kryssløpsanalyse for å klarlegge samband mellom ulike næringar i eit område og på kva måte dei er avhengige av kvarandre (Romarheim 2003). Ein slik analyse er svært ressurskrevjande, og det er ikkje gjort eigne studiar av ringverknader i dette prosjektet. Vi nyttar derfor multiplikatorar frå tidligare studiar. Det er ein tendens til at kommunar med lite variert næringsliv og få tilsette i tertiærnæringane også har lågast multiplikator. Dette må ein ta omsyn til ved tolking av resultata.

I ein studie av sysselsetting og inntekt i Alstadhaug kommune (Romarheim 2003) er sysselsettingsmultiplikatoren sett til 1,6 for primærnæringane. I ein studie frå Østfold og Akershus (Aanesland og Holm 2005) varierte sysselsettingsmultiplikatoren frå 1,5 til 1,8 mellom ulike kommunar.

Samla sett har vi berekna sysselsettinga i jordbruket i Hordaland til å vere om lag 3 211 årsverk. Dei tilsvarande talene for Sogn og Fjordane er 3 569 årsverk. I tilleggsnæringane har vi berekna 269 årsverk i Hordaland og 294 årsverk i Sogn og Fjordane. Skogbruket står for 35 årsverk i Hordaland og 21 årsverk i Sogn og fjordane. For jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar vil ringverknadene vere følgjande dersom vi nyttar ein sysselsettingsmultiplikator på 1,6:[22]

Hordaland: 3 514 årsverk x 1,6 = 5 622 årsverk
Ringverknader for sysselsetting: 5 622 - 3 514 = 2 108 årsverk

Sogn og Fjordane: 3 885 årsverk x 1,6 = 6 216 årsverk
Ringverknader for sysselsetting: 6 216 - 3 885 = 2 331 årsverk

Dette vil altså seie at dei 3 514 årsverka i jordbruket, skogbruket og tilleggsnæringane i Hordaland genererer 2 108 årsverk i andre næringar i fylket. I Sogn og Fjordane genererer dei 3 885 årsverka i jordbruket, skogbruket og tilleggsnæringane til saman 2 331 årsverk i andre næringar i fylket.

Inntektsmultiplikatoren er i same studien frå Alstadhaug kommune sett til 1,8 for primærnæringane. Verdiskapinga i jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane er

[22] Ringverknadene vil vere avhengige av storleiken på det området ein analyserer. Vi har likevel nytta dei multiplikatorane som Romarheim nytta for ein kommune, for Hordaland og Sogn og Fjordane. Tala må tolkas som svært usikre prognosar.

utrekna til om lag 562 mill. kr og 606 mill. kr medan verdiskapinga i tilleggsnæringane er om lag 145 mill. kr og 75 mill. kr. Skogbruket står for 21 mill. kr og 12 mill. kr.

Nyttar vi ein inntektsmultiplikator på 1,8 for Hordaland og Sogn og Fjordane, vert verdiskapinga av jordbruk, tilleggsnæringar og ringverknader:

Hordaland: 728 mill. kr x 1,8 = 1 310 mill. kr. Ringverknaden vert 582 mill. kr
Sogn og Fjordane: 693 mill. kr x 1,8 = 1 247 mill. kr. Ringverknaden vert 554 mill. kr

7.2 Fellesgode

I dei utførde berekningane er det talfesta kor stor verdiskapinga er i kr, og kor stor sysselsettinga er i form av årsverk som er knytt til jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring i Hordaland og Sogn og Fjordane.

I tillegg til dei målte storleikane, skaper landbruksaktivitet andre produkt som samfunnet etterspør. Slike produkt kan vere fellesgode i form av kultur, miljø, historie, kulturlandskap, biologisk mangfald og opplevingar.

Vi har registrert landbruksaktivitet i alle kommunar i dei to fylka. Det er sjølvsagt stor variasjon i produksjon og omfang, likevel er landbruket viktig på mange område. Landbruket er også viktig for å oppretthalde busetnad i mange bygder i Hordaland og Sogn og Fjordane, og derfor ein viktig faktor for å oppretthalde infrastruktur og tenestetilbod i mange bygdesamfunn.

Eit fellesgode er kjenneteikna ved at ein konsument sitt forbruk av godet ikkje reduserer ein annan konsument sin moglegheit til å forbruke det same godet. Eit fellesgode vil heller ikkje vere utilgjengelig for ein konsument som ikkje har betalt for godet. I økonomisk teori seier ein at eit fellesgode er ikkje-ekskluderbart og ikkje-rivaliserande. Dette gjer at ein uregulert marknad er lite eigna for produksjon av slike fellesgode, då konsumentane ikkje møter ein marknadspris på same måte som med andre varer og tenester. Det blir dermed ofte eit offentleg ansvar å forsyne samfunnet med slike gode, gitt at det er ein faktisk etterspurnad. Den faktiske etterspurnaden etter eit slikt fellesgode kan vere vanskeleg å kvantifisere på grunn av at kvart enkelt individ kan nytte seg av gode utan å måtte betale for det.

Ein ser på landbruket som ein viktig produsent av slike fellesgode. Det er ein klar trend innanfor OECD-området at landbruket si multifunksjonelle rolle, som ein produsent av fellesgode, er blitt meir akseptert. Denne trenden er svakare i Noreg, men også her ser ein tendensar til sterkare fokus på miljø, areal, kulturlandskap og andre fellesgode.

Støtte til landbruket er enten inntektsstøtte eller betaling for fellesgode. I norsk landbrukspolitikk er det lagt vekt på fellesgode. I berekningane i dette prosjektet er alle tilskot rekna med i verdiskapinga. I den grad tilskot kan reknast som betaling for fellesgode, er dette teke med i berekning av verdiskaping.

8 Konklusjon og oppsummering

Landbruk er ei av svært få næringar som har utøvarar i alle kommunane i dei to vestlandsfylka Hordaland og Sogn og Fjordane. Talet aktive utøvarar går ned, og i mange kommunar vert jordbruksareal omdisponert til anna bruk. Utviklinga mot færre og større einingar har ikkje gått like fort på Vestlandet som i resten av landet, og dei økonomiske resultata viser at bruka på Vestlandet ligg under gjennomsnittet for landet. Gjennom dette prosjektet har ein prøvd å vise kva for verdiar som vert skapte med basis i landbruksressursane.

Samla verdiskaping, rekna som nettoprodukt inkl. tilskot, frå jordbruk, primærskogbruk og tilleggnæringar er berekna til 670,8 mill. kr for Hordaland og 708,3 mill. kr for Sogn og Fjordane. Figur 8.1 viser verdiskaping som nettoprodukt for jordbruk, primærskogbruk og tilleggsnæring for dei to fylka.



Figur 8.1 Verdiskaping rekna som nettoprodukt frå jordbruk, primærskogbruk og tilleggsnæring, mill. kr

Verdiskaping frå jordbruket, rekna som nettoprodukt inkl. tilskot, er berekna til 562,5 mill. kr for Hordaland og 606 mill. kr for Sogn og Fjordane. Sysselsetting i jordbruket er berekna til høvesvis 3 211 og 3 569 årsverk á 1845 timar for dei to fylka. I begge fylka er det mjølkeproduksjon og sauehald som er dei bærande produksjonane. I Hordaland utgjer verdiskaping frå mjølkeproduksjon 41 prosent og sauehald 22 prosent av total verdiskaping frå jordbruket, medan mjølkeproduksjon står for 54 prosent og sauehald for 20 prosent i Sogn og Fjordane. Når det gjeld sysselsetting, er det utført flest årsverk i mjølkeproduksjon i begge fylka, av total arbeidsinnsats i jordbruket utgjer mjølkeproduksjon 37 prosent og

sauehald 34 prosent i Hordaland. For Sogn og Fjordane utgjer arbeidsinnsatsen i mjølkeproduksjon 50 prosent og i sauehaldet 30 prosent.



Figur 8.2 Verdiskaping som nettoprodukt i mill. kr og arbeidsinnsats i årsverk for dei viktigaste produksjonane i jordbruket

For primærskogbruk er verdiskapinga berekna til 20,5 mill. kr for Hordaland og 11,9 mill. kr for Sogn og Fjordane. I dag vert om lag 90 prosent av skogsvirket teke ut med effektive hogstmaskinar. Dette gjer at total sysselsetting i primærskogbruket vert relativt lågt i dei to fylka. Berekningane viser ei samla sysselsetting i primærskogbruket på 35,4 årsverk i Hordaland og 20,6 årsverk i Sogn og Fjordane. Vidare handsaming av tømmer til trevirke og ved, juletre- og pyntegrøntproduksjon, jakt, fiske og tenesteyting tilknytt skog vert rekna som tilleggsnæring, og er derfor ikkje rekna med under skogbruk.

Det har vore satsa mykje på tilleggsnæringar i landbruket dei siste åra. Likevel finst det få sikre data for utbreiing og omfang av tilleggsnæringar. For bruk som er med i driftsgranskingane, har ein relativt sikre tal for kor stort økonomisk bidrag som kjem frå tilleggsnæringar, men desse bruka er valde ut på grunnlag av den aktiviteten som føregår i jordbruket. Det er derfor usikkert om data frå driftsgranskingane er representative for tilleggsnæring i jordbruket. Andre undersøkingar av omfang og utbreiing av tilleggsnæringar på bruk som har ein jordbruksproduksjon som er for liten til at dei er med i populasjonen til driftsgranskingane, viser noko ulike resultat både for utbreiing og økonomisk omfang av tilleggsnæring. Ein har derfor valt å nytte økonomiske data frå driftsgranskingane ved berekning av verdiskaping frå tilleggsnæringar. For å finne fram til samansetning og utbreiing av ulike tilleggsnæringar i dei to fylka, er det nytta data frå landbruksundersøkingane til Statistisk sentralbyrå.

Samla verdiskaping frå tilleggsnæringar er berekna til 87,8 mill. kr for Hordaland og 90,4 mill. for Sogn og Fjordane. Sysselsetting i tilleggsnæring er rekna til 269 årsverk i Hordaland og 294 i Sogn og Fjordane. For begge fylka er det leigekjøring som bidreg med størst verdiskaping, med 33,4 mill. kr i Hordaland og 29,3 mill. kr i Sogn og Fjordane. Deretter kjem utleige med 21,4 mill. kr. og turisme med 19 mill. kr i Hordaland. I Sogn og Fjordane kjem turisme med 27,9 mill. kr som nummer to og utleige som nummer tre med 12,9 mill. kr.

Verdiskaping frå landbruk inkl. landbruksbasserte tilleggsnæringar på fylkesbasis kan synast låg samanlikna med andre næringar. Går ein ned på kommunenivå, ser ein at for mange kommunar spelar landbruket ei viktig rolle, i form av verdiskaping, sysselsetting, busetting med meir. Berekningane viser at Voss kommune har høgast verdiskaping frå jordbruk av kommunane i dei to fylka med 78,5 mill. kr. Deretter kjem Gloppen kommune i Sogn og Fjordane med 73 mill. kr. Det er også desse to kommunane som har flest årsverk i jordbruket, 453 årsverk i Voss og 392 i Gloppen kommune. Skilnaden mellom kommunane er større i Hordaland enn i Sogn og Fjordane. Av dei 33 kommunane i Hordaland, har 5 kommunar verdiskaping, rekna som nettoprodukt, større enn 30 mill. kr. 18 kommunar har verdiskaping som er mindre enn 10 mill. kr. I Sogn og Fjordane er det 8 av 26 kommunar som har verdiskaping større enn 30 mill. kr og 8 som har mindre enn 10 mill. kr. Tilsvarande er det 5 kommunar i Hordaland som har meir enn 200 årsverk i jordbruket, og 22 som har mindre enn 100 årsverk. I Sogn og Fjordane er det 6 kommunar som har meir enn 200 årsverk, og 11 kommunar som har mindre enn 100 årsverk i jordbruket.

I mange kommunar utgjer inntekts- og formueskatt frå eigar av landbruksføretak[23] og ektefelle/sambuar ein vesentleg del av samla skatteinngang til kommunen. For Jølster kommune i Sogn og Fjordane utgjer dette 20,6 prosent og for Gaular 20,5 prosent av total skatteinngang. Deretter følgjer Ullensvang kommune i Hordaland med 17,7 prosent.

Verdiskapingsberekningane som er gjennomførde i dette prosjektet, er i hovudsak basert på data frå SLF og NILF. Modellen som er nytta for berekningane, er utvikla over tid og er tidlegare nytta ved verdiskapingsberekningar for andre fylke. Bruk av modellar for berekningar inneber ei forenkling av dei faktiske tilhøva. For ein del produksjonar er data om omfang og økonomiske tilhøve usikre. Dette må ein ta omsyn til ved bruk av resultata.

[23] Gjeld landbruksføretak med personleg eigar.

9 Kommunesider – Hordaland

Kommuneoversikt:

Kommunenr	Kommunenavn	Kommunenr	Kommunenavn	Kommunenr	Kommunenavn
1201	Bergen	1232	Eidfjord	1247	Askøy
1211	Etne	1233	Ulvik	1251	Vaksdal
1216	Sveio	1234	Granvin	1252	Modalen
1219	Bømlo	1235	Voss	1253	Osterøy
1221	Stord	1238	Kvam	1256	Meland
1222	Fitjar	1241	Fusa	1259	Øygarden
1223	Tysnes	1242	Samnanger	1260	Radøy
1224	Kvinnherad	1243	Os	1263	Lindås
1227	Jondal	1244	Austevoll	1264	Austrheim
1228	Odda	1245	Sund	1265	Fedje
1231	Ullensvang	1246	Fjell	1266	Masfjorden



Opplysningar om tal innbyggarar, totalareal, jordbruksareal i drift, produktivt skogareal, tal landbrukseigedommar, tal jordbruksbedrifter, sysselsetting og viktigaste driftsformer er her henta frå den offisielle statistikken til SSB. Opplysningane om skatt frå jordbruk til kommune er upublisert spesialkjøring frå SSB. Skatten omfattar inntekts- og formueskatt betalt av eigar og ektefelle på jordbruksbedrift. Tal einingar som har søkt om produksjonstilskot, er henta frå tilskotsdatabasen til SLF ved søknadsrundane 1.1.2007 og 31.7.2007. Avvik mellom tal jordbruksbedrifter og tal mottakarar av produksjonstilskot skuldast at ikkje alle registrerte jordbruksbedrifter søkjer/mottek produksjonstilskot.

1201 Bergen kommune

- Tal innbyggarar 252 051
- Total areal, km² 466
- Jordbruksareal i drift, km² 17,35
- Produktiv skogsareal, km² 119,92
- Tal landbrukseigedommar 861
- Tal jordbruksbedrifter 151
- Sysselsetting 72 %
- Sysselsett i primærnæring 0,4 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 26,8 %
- Viktigaste driftsformer veksthus og mjølke-produksjon
- Skatt frå jordbruk til kommune 7,3 mil.kr.
- Skatt frå jordbruk til kommune 0,13 %

I 2007 vart det 132 jordbruksbedrifter som søkte om tilskot til 16 674 dekar jordbruksareal. Det vart registret 318 mjølkekyr fordelt på 27 søkjarar, 2 667 sauer fordelt på 82 søkjarar, 1 017 slaktegrisar fordelt på 13 søkjarar. 13 søkjarar dreiv med eggproduksjon med 13 306 registrerte verpehøner.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	20,89
Årsverk i jordbruket	106
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	1,24
Årsverk i skogbruket	2

Verdiskaping jordbruk, Bergen, 1 000 kr



1211 Etne kommune

- Tal innbyggarar 3 854
- Total areal, km² 735
- Jordbruksareal i drift, km² 28,38
- Produktiv skogsareal, km² 51,16
- Tal landbrukseigedommar 520
- Tal jordbruksbedrifter 187
- Sysselsetting 75 %
- Sysselsett i primærnæring 12,3 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 24 %
- Viktigaste driftsformer mjølk og gris
- Skatt frå landbruk til kommune 8,2 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 11,63 %

I 2007 vart det søkt om tilskot til 27 580 daa jordbruksareal fordelt mellom 181 bruk. Dei fleste bøndene dreiv med sau, til saman 7 103 dyr fordelt på 103 bønder. Dessutan hadde kommunen 1 057 mjølkekyr fordelt på 63 bruk og 7 983 slaktegrisar fordelt på 23 bruk.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	46,24
Årsverk i jordbruket	243
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	1,126
Årsverk i skogbruket	1,6

Verdiskaping jordbruk, Etne, 1 000 kr



1216 Sveio kommune

- Tal innbyggarar 4 906
- Total areal, km² 246
- Jordbruksareal i drift, km² 27,83
- Produktiv skogsareal, km² 224,65
- Tal landbrukseigedommar 568
- Tal jordbruksbedrifter 152
- Sysselsetting 74 %
- Sysselsett i primærnæring 14,2 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 40,4 %
- Viktigaste driftsformer sauehald, mjølkekyr og gris og mjølk
- Skatt frå landbruk til kommune 7,9 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 9,42 %

I 2007 vart det søkt om tilskot til 27 276 daa jordbruksareal fordelt på 142 bruk. Det vart registert 8 339 verpehøner fordelt på 9 bruk, eit bruk dreiv med kyllingproduksjon søkte om tilskot til 51 804 kyllingar. Men likevel var dei viktigaste produksjonane sauehald med 6 845 registrerte sauer fordelt på 99 bruk og mjølkeproduksjon med 475 mjølkekyr fordelt på 30 bruk.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	22,97
Årsverk i jordbruket	145
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,504
Årsverk i skogbruket	0,8

Verdiskaping jordbruk, Sveio, 1 000 kr



1219 Bømlo kommune

- Tal innbyggarar 11 085
- Total areal, km² 247
- Jordbruksareal i drift, km² 12,56
- Produktiv skogsareal, km² 50,84
- Tal landbrukseigedommar 640
- Tal jordbruksbedrifter 95
- Sysselsetting 73 %
- Sysselsett i primærnæring 6,9 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 21,5 %
- Viktigaste driftsformer sauehald, mjølkekyr og gris og mjølk
- Skatt frå landbruk til kommune 4,5 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 2,19 %

I 2007 søkte 94 bønder om tilskot til 12 391 daa jordbruksareal. Sau - og storfehald var dei viktigaste driftsformene. I tilskotsregisteret vart det registrert 3 962 sauer fordelt på 63 bruk og 207 mjølkekyr fordelt på 12 bruk.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	12,04
Årsverk i jordbruket	77
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,356
Årsverk i skogbruket	0,9

Verdiskaping jordbruk, Bømlo, 1 000 kr



1221 Stord kommune

- Tal innbyggarar 17 289
- Total areal, km² 144
- Jordbruksareal i drift, km² 8,01
- Produktiv skogsareal, km² 48
- Tal landbrukseigedommar 221
- Tal jordbruksbedrifter 72
- Sysselsetting 74 %
- Sysselsett i primærnæring 0,9 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 24,1 %
- Viktigaste driftsformer kumjølk
- Skatt frå landbruk til kommune 3,8 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 1,18 %

Trass i at Stord kommune reknast for å vere ein industrikommune, søkte 72 bønder i kommunen i 2007 om produksjonstilskot for til saman 7 607 daa. Det var mellom anna 15 bruk med 204 mjølkekyr og 44 bruk med til saman 1 235 sauer.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	7,26
Årsverk i jordbruket	46
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	1,29
Årsverk i skogbruket	2,1



1222 Fitjar kommune

- Tal innbyggarar 2 908
- Total areal, km² 142
- Jordbruksareal i drift, km² 7,66
- Produktiv skogsareal, km² 22,7
- Tal landbrukseigedommar 219
- Tal jordbruksbedrifter 64
- Sysselsetting 76 %
- Sysselsett i primærnæring 6,9 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 29,2 %
- Viktigaste driftsformer mjølk og mjølk/gris
- Skatt frå landbruk til kommune 2,5 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 4,84 %

I 2007 vart det søkt om tilskot til 7 609 daa jordbruksareal fordelt på 63 bruk. Bøndene i kommunen dreiv med mjølkeproduksjon med 362 mjølkekyr fordelt på 20 bruk, kjøtt-produksjon med 85 ammekyr fordelt på 10 bruk og sauehald med 1 170 sauer fordelt på 31 bruk.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	11,54
Årsverk i jordbruket	60
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,08
Årsverk i skogbruket	0,6

Verdiskaping jordbruk, Fitjar, 1 000 kr



1223 Tysnes kommune

- Tal innbyggarar 2 792
- Total areal, km² 255
- Jordbruksareal i drift, km² 12,36
- Produktiv skogsareal, km² 108,39
- Tal landbrukseigedommar 579
- Tal jordbruksbedrifter 82
- Sysselsetting 71 %
- Sysselsett i primærnæring 12,6 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 39,0 %
- Viktigaste driftsformer mjølk og sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 4,1 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 8,69 %

I 2007 søkte 88 bruk om tilskot til 12 307 daa jordbruksareal. I kommunen vart det mellom anna registrert 241 mjølkekyr fordelt på 23 bruk og 1 675 sauer fordelt på 41 bruk.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	8,04
Årsverk i jordbruket	56
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,84
Årsverk i skogbruket	1,9

Verdiskaping jordbruk, Tysnes, 1 000 kr



1224 Kvinnherad kommune



- Tal innbyggarar 13 112
- Total areal, km² 1 128
- Jordbruksareal i drift, km² 40,86
- Produktiv skogsareal, km² 178,84
- Tal landbrukseigedommar 1 049
- Tal jordbruksbedrifter 292
- Sysselsetting 72 %
- Sysselsett i primærnæring 6,8 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 35,3 %
- Viktigaste driftsformer mjølk og sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 11,9 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 4,73 %

I 2007 vart det søkt om tilskot til 40 472 daa jordbruksareal frå 282 bønder. I kommunen dreiv 161 bruk i 2007 med 7 235 sauer og 118 bruk dreiv med 1 689 mjølkekyr. 51 bruk søkte om tilskot til ammekuproduksjon for til saman 304 kyr.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	56,11
Årsverk i jordbruket	315
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	2,65
Årsverk i skogbruket	5,2

Verdiskaping jordbruk, Kvinnherad, 1 000 kr



1227 Jondal kommune

- Tal innbyggarar 1 022
- Total areal, km² 210
- Jordbruksareal i drift, km² 4,55
- Produktiv skogsareal, km² 39,34
- Tal landbrukseigedommar 174
- Tal jordbruksbedrifter 50
- Sysselsetting 70 %
- Sysselsett i primærnæring 10,6 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 43,9 %
- Viktigaste driftsformar mjølk og sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 2,0 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 9,13 %

I 2007 vart det 48 bruk som søkte om tilskot i Jondal til 4 459 daa jordbruksareal. Her var det registrert 1 204 sauer fordelt på 27 bruk og 312 mjølkekyr fordelt på 25 bruk.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	8,72
Årsverk i jordbruket	51
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,27
Årsverk i skogbruket	0,4

Verdiskaping jordbruk, Jondal, 1 000 kr



1228 Odda kommune



- Tal innbyggarar 7 054
- Total areal, km² 1 616
- Jordbruksareal i drift, km² 4,78
- Produktiv skogsareal, km² 30,86
- Tal landbrukseigedommar 206
- Tall jordbruksbedrifter 73
- Sysselsetting 71 %
- Sysselsett i primærnæring 1,3 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 35,1 %
- Viktigaste driftsformer sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 4,7 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 2,83 %

Odda er den andre kommunen i Hordaland som reknast for å vere ein industri-kommune. Likevel søkte 73 bruk med samla jordbruksareal på 4 730 daa om tilskot frå SLF. Dei fleste bøndene i denne kommunen driv med sau. I 2007 vart det registrert 57 bruk med til saman 2 547 sauer. Seks bruk søkte også om tilskot til 316 mjølkegeiter.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	6,15
Årsverk i jordbruket	44
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	-
Årsverk i skogbruket	0,1

Verdiskaping jordbruk, Odda, 1 000 kr



1231 Ullensvang kommune



- Tal innbyggarar 3 351
- Total areal, km² 1 399
- Jordbruksareal i drift, km² 13,55
- Produktiv skogsareal, km² 83,33
- Tal landbrukseigedommar 410
- Tal jordbruksbedrifter 274
- Sysselsetting 76 %
- Sysselsett i primærnæring 14,2 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 31,7 %
- Viktigaste driftsformer fruktdyrking
- Skatt frå landbruk til kommune 11,5 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 17,69 %

Ullensvang er ein stor fruktkommune. I 2007 søkte 272 bruk om tilskot til 12 832 daa jordbruksareal. Av desse var 233 bruk fruktbønder med samla fruktareal på 6 895 daa. Utanom frukt dreiv 72 bruk med 3 205 sauer og 11 bruk med 93 mjølkekyr i 2007.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	64,43
Årsverk i jordbruket	318
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	1,54
Årsverk i skogbruket	1,1

Verdiskaping jordbruk, Ullensvang, 1 000 kr



1232 Eidfjord kommune



- Tal innbyggarar 945
- Total areal, km² 1 492
- Jordbruksareal i drift, km² 2,72
- Produktiv skogsareal, km² 8,25
- Tal landbrukseigedommar 125
- Tal jordbruksbedrifter 23
- Sysselsetting 77 %
- Sysselsett i primærnæring 3 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 45,5 %
- Viktigaste driftsformer sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 0,9 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 2,14 %

I 2007 var det 23 bruk som søkte om tilskot til 2 693 daa jordbruksareal. Dei fleste av dei, 17 bruk, driv med sau og hadde til saman 1 282 dyr i 2007.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	2,11
Årsverk i jordbruket	16
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,02
Årsverk i skogbruket	0,1

Verdiskaping jordbruk, Eidfjord, 1 000 kr



1233 Ulvik kommune

- Tal innbyggarar 1 095
- Total areal, km² 721
- Jordbruksareal i drift, km² 6,68
- Produktiv skogsareal, km² 30,83
- Tal landbrukseigedommar 158
- Tal jordbruksbedrifter 67
- Sysselsetting 75 %
- Sysselsett i primærnæring 15,8 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 44,2 %
- Viktigaste driftsformer frukt og bær og veksthus
- Skatt frå landbruk til kommune 2,8 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 9,79 %

I 2007 vart det søkt om tilskot til 5 697 daa jordbruksareal fordelt på 65 bruk. Av dei var 712 daa brukt til fruktdyrking av 37 bruk. Det vart registrert 45 bruk som dreiv med sauer med til saman 2 462 dyr og 127 mjølkekyr fordelt på 13 bruk.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	15,82
Årsverk i jordbruket	85
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	2,2
Årsverk i skogbruket	1

Verdiskaping jordbruk, Ulvik, 1 000 kr



1234 Granvin kommune

- Tal innbyggarar 950
- Total areal, km² 213
- Jordbruksareal i drift, km² 4,83
- Produktiv skogsareal, km² 28,38
- Tal landbrukseigedommar 138
- Tal jordbruksbedrifter 49
- Sysselsetting 76 %
- Sysselsett i primærnæring 9,9 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 44,2 %
- Viktigaste driftsformer sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 2,1 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 13,38 %

I 2007 vart det søkt om tilskot til 4 794 daa jordbruksareal frå 46 bruk. Det er veldig få som driv med storfe i Granvin kommune. I 2007 vart det registrert 7 bruk med til saman 159 mjølkekyr i kommunen. Elles driv dei fleste med sau. Heile 33 bruk hadde til saman 1 243 sauer. Verdiskapinga er likevel størst i mjølkeproduksjonen.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	5,47
Årsverk i jordbruket	34
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	1,1
Årsverk i skogbruket	0,6

Verdiskaping jordbruk, Granvin, 1 000 kr



1235 Voss kommune



- Tal innbyggarar 13 868
- Total areal, km² 1 806
- Jordbruksareal i drift, km² 57,66
- Produktiv skogsareal, km² 211,48
- Tal landbrukseigedommar 1 076
- Tal jordbruksbedrifter 459
- Sysselsetting 73 %
- Sysselsett i primærnæring 7 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 33,3 %
- Viktigaste driftsformer mjølk og sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 18,6 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 7,34 %

Voss kommune er den kommunen i Hordaland med flest bønder. I 2007 søkte 435 bønder om tilskot til 56 825 daa jordbruksareal. Mjølkeproduksjon og sauehald er dei viktigaste produksjonane med 2 770 mjølkekyr fordelt på 191 bruk og 11 283 sauer fordelt på 253 bruk i 2007.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	78,54
Årsverk i jordbruket	453
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	2,29
Årsverk i skogbruket	4,5



1238 Kvam kommune

- Tal innbyggarar 8 338
- Total areal, km² 617
- Jordbruksareal i drift, km² 22,51
- Produktiv skogsareal, km² 99,95
- Tal landbrukseigedommar 656
- Tal jordbruksbedrifter 211
- Sysselsetting 75 %
- Sysselsett i primærnæring 9,6 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 27,8 %
- Viktigaste driftsformer mjølk, sauehald og hagebruk
- Skatt frå landbruk til kommune 10,4 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 6,77 %

I 2007 vart det søkt om tilskot til 22 255 daa jordbruksareal av 200 bruk. 526 daa var brukt til fruktdyrking av 36 bønder. 102 bruk søkte om tilskot til 5 357 sauer og 66 bruk søkte for 1 052 mjølkekyr.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	51,61
Årsverk i jordbruket	253
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,46
Årsverk i skogbruket	0,7

Verdiskaping jordbruk, Kvam, 1 000 kr



1241 Fusa kommune

- Tal innbyggarar 3 791
- Total areal, km² 378
- Jordbruksareal i drift, km² 14,81
- Produktiv skogsareal, km² 115,98
- Tal landbrukseigedommar 441
- Tal jordbruksbedrifter 118
- Sysselsetting 76 %
- Sysselsett i primærnæring 9,1 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 27,0 %
- Viktigaste driftsformer sauehald og mjølk
- Skatt frå landbruk til kommune 6,1 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 8,56 %

116 bruk søkte om tilskot til 14 794 daa jordbruksareal i 2007. Mesteparten av bøndene driv med sauehald med 2 326 sauer fordelt på 59 bruk og mjølkeproduksjon med 480 mjølkekyr fordelt på 35 bønder.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	14,72
Årsverk i jordbruket	91
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,78
Årsverk i skogbruket	1,4



1242 Samnanger kommune

- Tal innbyggarar 2 379
- Total areal, km² 269
- Jordbruksareal i drift, km² 2,6
- Produktiv skogsareal, km² 32,82
- Tal landbrukseigedommar 245
- Tal jordbruksbedrifter 24
- Sysselsetting 74 %
- Sysselsett i primærnæring 2,5 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 45,6 %
- Viktigaste driftsformer mjølk og sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 1,3 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 2,81 %

Det vart berre 25 bønder som søkte om tilskot i 2007. Dei hadde til saman 2 530 daa jordbruksareal. 16 av dei dreiv med sauehald med 649 sauer. Berre 4 bruk søkte om produksjonstilskot til mjølkeproduksjon med 39 kyr. Av den totale verdiskapinga i kommunen i 2007 utgjorde likevel kumjølk ein stor del.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr.	1,65
Årsverk i jordbruket	13
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr.	-
Årsverk i skogbruket	0,9

Verdiskaping jordbruk, Samnanger, 1 000 kr



1243 Os kommune

- Tal innbyggarar 16 437
- Total areal, km² 140
- Jordbruksareal i drift, km² 8,52
- Produktiv skogsareal, km² 55,31
- Tal landbrukseigedommar 377
- Tal jordbruksbedrifter 44
- Sysselsetting 75 %
- Sysselsett i primærnæring 2,6 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 25,6 %
- Viktigaste driftsformer mjølk og blomster-dyrking i veksthus
- Skatt frå landbruk til kommune 1,8 mill kr

I 2007 vart det søkt om tilskot til 8 137 daa jordbruksareal frå 39 bruk. Mjølke-produksjon er hovuddriftsforma i Os kommune. Det var registert 265 mjølkekyr på 12 bruk. Denne kommunen er også ein av dei med flest hestar. Det vart i 2007 søkt om tilskot til 149 hestar fordelt på 15 bruk. Dette utgjer likevel naturleg nok ikkje ein vesentleg del av verdiskapinga.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	11,07
Årsverk i jordbruket	44
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,4
Årsverk i skogbruket	1,3

Verdiskaping jordbruk, Os, 1 000 kr



1244 Austevoll kommune

- Tal innbyggarar 4 417
- Total areal, km² 117
- Jordbruksareal i drift, km² 3,67
- Produktiv skogsareal, km² 19,8
- Tal landbrukseigedommar 457
- Tal jordbruksbedrifter 49
- Sysselsetting 76 %
- Sysselsett i primærnæring 19,3 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 25,4 %
- Viktigaste driftsformer sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 2,4 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 2,35 %

51 bruk søkte om tilskot til 3 599 daa jordbruksareal. Hovudtyngda i Austevoll ligg på sauehald. Det vart registrert 2 402 sauer fordelt på 39 bruk. Berre 4 bruk dreiv med mjølkeproduksjon med 58 kyr og 2 bønder dreiv med eggproduksjon med 3 053 verpehøner i 2007.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	6,21
Årsverk i jordbruket	45
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,2
Årsverk i skogbruket	0,4

Verdiskaping jordbruk, Austevoll, 1 000 kr



1245 Sund kommune

- Tal innbyggarar 5 899
- Total areal, km² 100
- Jordbruksareal i drift, km² 1,73
- Produktiv skogsareal, km² 10,75
- Tal landbrukseigedommar 320
- Tal jordbruksbedrifter 20
- Sysselsetting 71 %
- Sysselsett i primærnæring 4,8 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 39,5 %
- Viktigaste driftsformer sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 1,2 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 1,18 %

I 2007 vart det søkt om tilskot til 1 672 daa jordbruksareal av 19 bruk. Hovud-produksjonen generelt i kommunen er sauehald. 17 bruk søkte om tilskot til 685 sauer og berre 2 bønder søkte om tilskot til ammeproduksjon for 14 kyr. Det er ingen mjølkeproduksjon i kommunen.

Verdiskaping frå jordbruk, mill. kr	1,08
Årsverk i jordbruket	10
Verdiskaping frå skogbruk, mill. kr	-
Årsverk i skogbruket	0,01

Verdiskaping jordbruk, Sund, 1 000 kr



1246 Fjell kommune

- Tal innbyggarar 21 507
- Total areal, km² 148
- Jordbruksareal i drift, km² 4,01
- Produktiv skogsareal, km² 7,04
- Tal landbrukseigedommar 374
- Tal jordbruksbedrifter 35
- Sysselsetting 74 %
- Sysselsett i primærnæring 1,4 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 22,4 %
- Viktigaste driftsformer sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 4,0 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 1,0 %

Det var 40 bruk som søkte om tilskot for 3 994 daa jordbruksareal i 2007. 32 av 35 jordbrukseiningar i kommunen dreiv med sau, med til saman 1 648 sauer. Storfehald er av liten betyding i kommunen.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	2,7
Årsverk i jordbruket	23
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	-
Årsverk i skogbruket	0,06

Verdiskaping jordbruk, Fjell, 1 000 kr



1247 Askøy kommune

- Tal innbyggarar 24 432
- Total areal, km² 101
- Jordbruksareal i drift, km² 3,3
- Produktiv skogsareal, km² 21,99
- Tal landbrukseigedommar 379
- Tal jordbruksbedrifter 36
- Sysselsetting 73 %
- Sysselsett i primærnæring 1,7 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 36,8 %
- Viktigaste driftsformer sauehald, veksthus og ammekyr
- Skatt frå landbruk til kommune 2,2 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 0,54 %

Det var 35 bruk som søkte om tilskot til 3 194 daa jordbruksareal i Askøy kommune i 2007. Det spesielle for denne kommunen er at den ikkje har mjølkeproduksjon. Det var 4 bruk som dreiv med 63 ammekyr i 2007. Dei fleste dreiv likevel med sau, med 1 141 dyr fordelt på 28 bruk. Askøy har noko hagebruksproduksjon.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	4,21
Årsverk i jordbruket	25
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,36
Årsverk i skogbruket	1,2

Verdiskaping jordbruk, Askøy, 1 000 kr



1251 Vaksdal kommune



- Tall innbyggarar 4 110
- Total areal, km² 716
- Jordbruksareal i drift, km² 6,93
- Produktiv skogsareal, km² 85,79
- Tal landbrukseigedommar 237
- Tal jordbruksbedrifter 61
- Sysselsetting 69 %
- Sysselsett i primærnæring 4,8 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 40,7 %
- Viktigaste driftsformer mjølk og sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 2,2 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 2,83 %

Vaksdal er enda ein kommune som reknast for å vere ein industrikommune. Likevel søkte 58 bønder som om tilskot fordelt på 6 764 daa jordbruksareal. Hovudproduksjonen i kommunen er sauehald med 2 367 dyr fordelt på 42 bruk i 2007. I alt var det 24 mjølkeprodusentar, og dei dreiv med til saman 270 mjølkekyr.

Verdiskaping frå jordbruk, mill. kr	9,07
Årsverk i jordbruket	60
Verdiskaping frå skogbruk, mill. kr	0,18
Årsverk i skogbruket	0,75

Verdiskaping jordbruk, Vaksdal, 1 000 kr



1252 Modalen kommune



- Tal innbyggarar 351
- Total areal, km² 412
- Jordbruksareal i drift, km² 1,92
- Produktiv skogsareal, km² 26,51
- Tal landbrukseigedommar 56
- Tal jordbruksbedrifter 12
- Sysselsetting 71 %
- Sysselsett i primærnæring 6,4 %
- Sysselsett i offentlig forvaltning 45,6 %
- Viktigaste driftsformer mjølk og sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune *

* tal føreligg ikkje

Det var berre 11 bønder som søkte om tilskot til 1 843 daa jordbruksareal i 2007. Dei var fordelt på følgjande måte: 5 bruk dreiv med 53 mjølkekyr, 5 bruk dreiv med 277 sauer og 1 bonde hadde 125 mjølkegeiter.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	2,45
Årsverk i jordbruket	13
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,18
Årsverk i skogbruket	0,9



1253 Osterøy kommune



- Tal innbyggarar 7 352
- Total areal, km² 255
- Jordbruksareal i drift, km² 22,41
- Produktiv skogsareal, km² 66,76
- Tal landbrukseigedommar 655
- Tal jordbruksbedrifter 147
- Sysselsetting 74 %
- Sysselsett i primærnæring 4,6 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 31,2 %
- Viktigaste driftsformer mjølk, sau- og geitehald
- Størst skogsavverking i fylke
- Skatt frå landbruk til kommune 6,0 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 4,89 %

I 2007 vart det søkt om tilskot til 21 943 daa jordbruksareal fordelt på 142 bruk. Mesteparten dreiv med sauer, dvs 3 337 sauer fordelt på 92 bruk. 41 bruk dreiv med 572 mjølkekyr og 19 bruk hadde 131 ammekyr.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	19,42
Årsverk i jordbruket	120
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	1,13
Årsverk i skogbruket	0,9



1256 Meland kommune

- Tal innbyggarar 6 478
- Total areal, km² 93
- Jordbruksareal i drift, km² 9,45
- Produktiv skogsareal, km² 31,1
- Tal landbrukseigedommar 339
- Tal jordbruksbedrifter 61
- Sysselsetting 75 %
- Sysselsett i primærnæring 4,1 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 28,1 %
- Viktigaste driftsformer mjølk, veksthus og sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune 2,8 mil kr
- Skatt frå landbruk til kommune 2,58 %

I 2007 var det 57 bønder som søkte om tilskot til 9 144 daa jordbruksareal. Det vart registert 1 325 sauer fordelt på 32 bruk og 188 mjølkekyr fordelt på 17 bønder.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	9,45
Årsverk i jordbruket	50
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,09
Årsverk i skogbruket	0,5

Verdiskaping jordbruk, Meland, 1 000 kr



1259 Øygarden kommune

- Tal innbyggarar 4 223
- Total areal, km² 67
- Jordbruksareal i drift, km² 2,5
- Produktiv skogsareal, km² 1
- Tal landbrukseigedommar 251
- Tal jordbruksbedrifter 67
- Sysselsetting 68 %
- Sysselsett i primærnæring 6,4 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 47,2 %
- Viktigaste driftsformer sauehald
- Skatteinngang få landbruket 1,1 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 1,28 %

2 483 daa jordbruksareal fordelt på 19 bønder vart tilskotsgrunnlag i 2007. Tal sauer i kommunen var 1 113 fordelt på 18 bruk. Berre 2 bønder dreiv med storfehald og dei hadde 29 mjølkekyr og 8 ammekyr. Nokre få dreiv med slaktegris og eggproduksjon.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	3,19
Årsverk i jordbruket	22
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0
Årsverk i skogbruket	0

Verdiskaping jordbruk, Øygarden, 1 000 kr



1260 Radøy kommune

- Tal innbyggarar 4 825
- Total areal, km² 112
- Jordbruksareal i drift, km² 26,08
- Produktiv skogsareal, km² 33,72
- Tall landbrukseigedommar 604
- Tal jordbruksbedrifter 164
- Sysselsetting 73 %
- Sysselsett i primærnæring 8,5 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 37,1 %
- Viktigaste driftsformer husdyrhald
- Skatt frå landbruk til kommune 7,2 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 9,24 %

I 2007 vart det søkt om tilskot til 25 106 daa jordbruksareal av 158 bruk. Husdyrhald i Radøy kommune inkluderte 78 bruk med 4 209 sauer, 38 bruk med 546 mjølkekyr, 26 bruk med 172 ammekyr, 4 bruk med 964 slaktegriser og 5 bruk med 2 675 verpehøner.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	19,87
Årsverk i jordbruket	124
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,47
Årsverk i skogbruket	1,5

Verdiskaping jordbruk, Radøy, 1 000 kr



1263 Lindås kommune

- Tal innbyggarar 14 036
- Total areal, km² 476
- Jordbruksareal i drift, km² 32,98
- Produktiv skogsareal, km² 139,67
- Tal landbrukseigedommar 953
- Tal jordbruksbedrifter 248
- Sysselsetting 74 %
- Sysselsett i primærnæring 3 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 26,9 %
- Viktigaste driftsformer mjølk og sauehald,
- Skatt frå landbruk til kommune 12,4 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 4,75 %

Det var 238 bruk som søkte om tilskot til 32 207 daa jordbruksareal i 2007. Sauehald dominerte med 6 956 sauer fordelt på 147 bruk. Storfehald var delt mellom mjølkeproduksjon med 596 kyr fordelt på 44 bruk og storfekjøttproduksjon med 270 ammekyr fordelt på 46 bruk. Fire bruk dreiv med slaktegrisproduksjon med 898 registrerte griser og 6 bruk med eggproduksjon med 2 751 verpehøner.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	25,35
Årsverk i jordbruket	173
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,16
Årsverk i skogbruket	0,5

Verdiskaping jordbruk, Lindås, 1 000 kr



1264 Austrheim kommune

- Tal innbyggarar 2 576
- Total areal, km² 57
- Jordbruksareal i drift, km² 4,59
- Produktiv skogsareal, km² 10,26
- Tal landbrukseigedommar 238
- Tal jordbruksbedrifter 29
- Sysselsetting 72 %
- Sysselsett i primærnæring 2,6 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 40,0 %
- Viktigaste driftsformer sauehald og mjølk
- Skatt frå landbruk til kommune 1,7 mill kr

Austrheim er den fjerde kommunen som reknast som industrikommune i Hordaland fylke. Likevel søkte 27 bønder om tilskot til 4 422 daa jordbruksareal i 2007. 12 av søkjarane dreiv med sauehald og hadde til saman 844 sauer. Resten av bøndene søkte om tilskot til mjølkeproduksjon, hestar og slaktegris.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	3,35
Årsverk i jordbruket	21
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,03
Årsverk i skogbruket	0,02

Verdiskaping jordbruk, Austrheim, 1 000 kr



1265 Fedje kommune

- Tal innbyggarar 596
- Total areal, km² 9
- Jordbruksareal i drift, km² 0,25
- Produktiv skogsareal, km² 0,14
- Tal landbrukseigedommar 43
- Tal jordbruksbedrifter 2
- Sysselsetting 76 %
- Sysselsett i primærnæring 3,9 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 62,5 %
- Viktigaste driftsformer sauehald
- Skatt frå landbruk til kommune *

* tal føreligg ikkje

Fedje kommune er ein typisk fiskeri-kommune på grunn av storleiken på kommunen og nærleiken til sjø. Det var berre 2 bruk som søkte om tilskot for 248 daa jordbruksareal, og dei dreiv begge med sauehald.

Verdiskaping frå jordbruket, mill. kr	0,26
Årsverk i jordbruket	2
Verdiskaping frå skogbruket, mill. kr	0,28
Årsverk i skogbruket	0,8

Verdiskaping jordbruk, Fedje, 1 000 kr



Sauehald; 259

1266 Masfjorden kommune

- Tal innbyggarar 1 652
- Total areal, km² 556
- Jordbruksareal i drift, km² 7,33
- Produktiv skogsareal, km² 74,32
- Tal landbrukseigedommar 244
- Tal jordbruksbedrifter 84
- Sysselsetting 74 %
- Sysselsett i primærnæring 12,2 %
- Sysselsett i offentleg forvaltning 50,9 %
- Viktigaste driftsformer sauehald og mjølk
- Skatt frå landbruk til kommune 3,7 mill kr
- Skatt frå landbruk til kommune 9,41 %

